



Fjord
kommune



ÅRSRAPPORT 2020

Innhald

Innleiing	3
DEL 1 – ÅRSMELDING ETTER KRAV I KOMMUNELOVEN	4
1. Økonomisk handleevne over tid	4
1.1 Driftsrekneskapen	4
1.2 Investeringsrekneskapen.....	5
1.3 Finansielle måltal.....	5
1.3.1 Netto driftsresultat.....	5
1.3.2 Gjeldsgrad.....	6
1.3.3 Disposisjonsfond.....	7
2. Vesentlege avvik.....	8
2.1 Vesentlege avvik DRIFT.....	8
2.2 Vesentlege avvik INVESTERING	12
3. Måloppnåing / Ikkje-økonomiske forhold	13
3.1 Utvikling av tenester.....	13
3.2 Andre forhold	14
3.2.1 Covid 19	14
3.2.2 Breiband	15
4. Tiltak for å sikre høg etisk standard	15
4.1 Internkontroll – rapport for 2020.....	15
4.1.1 Styring.....	15
4.1.2 Aktivitetar	16
4.1.3 Effekt og resultat	16
4.1.4 Statleg tilsyn	16
5. Likestilling	17
6. Aktivitetsplikt etter Likestillings- og diskrimineringsloven § 26.....	17
DEL 2 – ÅRSRAPPORT	19
7 - Fjord kommune – Organisering	19
7.1 Politisk organisering	19
7.1.1 Kontrollutvalet.....	20
7.1.2 Ungdomsrådet.....	20
7.2 Administrativ organisering	21
7.3 Organisasjon og medarbeidarar	22
7.3.1 Bemanning/Årsverkstabell	22
7.3.2 Sjukefråvær	23
7.3.3 Lokale samarbeidsgrupper (HMS-grupper)	25

7.3.4 Lærlingar.....	25
7.3.5 HMS.....	25
8 - Hovudutfordringar og muligheter framover	26
8.1 Folketal	26
9 – SENTRALADMINISTRASJON/FELLESTENESTENE.....	27
9.1 Fellestenestene	28
9.2 Beredskap, digitalisering og informasjon	29
9.3 Folkehelse.....	29
10 – OPPVEKST, KULTUR OG NÆRING	31
10.1 Stordal barnehage	33
10.2 Syltebøen barnehage.....	34
10.3 Dalsbygda barnehage	35
10.4 Stordal skule og SFO	36
10.5 Valldal skule, SFO og Fjord vaksenopplæring.....	39
10.6 Eidsdal skule og SFO	40
10.7 Fjord kulturskule.....	41
10.8 Biblioteka.....	42
10.9 Stordal frivilligsentral	43
10.10 Ungdomsarbeid	44
10.11 Martin Linge huset	44
10.11 Stordalshallen.....	45
11 – NÆRING	47
11.1 Vekst i Stordal.....	47
11.2 Fjordhagen AS.....	49
11.2.1 Nyetableringar og vekst/nyskaping i eksisterande næringsliv	49
11.2.2 Grunnarbeid for næringsutvikling	49
11.2.3 Vertskapsfunksjon og elektronisk turistinformasjon	50
11.3 Næringsfondet.....	50
12 – HELSE, PLEIE OG OMSORG	51
12.1 Fjord helse	52
12.2 Tildelingskontor og koordinerande eining	53
12.3 Pleie og omsorg Stordal.....	54
12.4 Demensomsorg / Dagsenter.....	55
12.5 Pleie og omsorg Valldal, Eidsdal, Norddal, Fjørå og Tafjord	55
12.6 Bu- og habiliteringstenesta	57
13 – TEKNISK, LANDBRUK OG MILJØ	58

13.1 Bygg og kommunalteknikk	60
13.2 Plan og miljø	61
13.3 Brann og redning	62

Innleiing

Fjord kommune si årsmelding for 2020 er utarbeidd etter ny Kommune lov, og inneheld omtale av kommunen si samla verksemd gjennom året. Innhaldet i årsmeldinga er heimla i Kommune loven § 14-7.

§ 14-7 Årsmelding

Kommuner skal utarbeide ei årsmelding for kommunen si samla verksemd. Det skal også utarbeidast eiga årsmelding for kvart kommunalt foretak.

Årsmeldinga skal gjere rede for

1. forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomiske utviklinga og stillinga ivaretek den økonomiske handleevna over tid
2. vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskap, og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruk av bevilgingane
3. verksemda si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg betydning for kommunen eller innbyggjarane
4. tiltak som er iverksett og tiltak som blir planlagt iverksett for å sikre ein høg etisk standard
5. den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling
6. kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgivar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.

DEL 1 – ÅRSMELDING ETTER KRAV I KOMMUNELOVEN

1. Økonomisk handleevne over tid

I Kommunelova er den langsiktige tankegangen viktig. Det er fleire paragrafar som er innom temaet, og kort oppsummert seier KL §14-1 at "kommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid".

I følge KL § 14-2 skal "kommuner velge finansielle måltall for utvikling av kommunens økonomi".

Økonomiske berekraft har fått auka fokus i ny kommunelov, og skal vi kunne oppretthalde eit godt tenestetilbod til innbyggjarane i framtida er vi heilt avhengig av at økonomien i kommunen er berekraftig.

Denne delen av årsmeldinga inneheld hovudtalsanalyser med nøkkeltal for status og stilling for kommunen sett under eitt. Det blir gitt meir detaljerte/utfyllande analyser for einingane i årsrapporten, og der blir det også redegjort for dei rekneskapsmessige sidene og sektorspesifikke nøkkeltal.

1.1 Driftsrekneskapen

Netto driftsresultat er av mange definert som hovedindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren, og er summen av alle inntekter fråtrekt alle utgifter (ordinær løpande drift).

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett
9 Sum driftsinntekter	335 121 930	307 759 656	307 759 656
15 Sum driftsutgifter	336 544 272	318 222 747	318 222 747
16 Brutto driftsresultat	- 1 422 342	- 10 463 091	- 10 463 091
22 Netto finansutgifter	- 20 407 788	- 20 368 030	- 20 368 030
23 Motpost avskrivningar	23 545 261	23 200 000	23 200 000
24 Netto driftsresultat	1 715 130	- 7 631 121	- 7 631 121
Disponering av netto driftsresultat:			
26 Netto avsetnader til eller bruk av bundne driftsfond	2 683 195	3 339 384	3 339 384
27 Netto avsetnader til eller bruk av disposisjonsfond	- 357 783	4 291 737	4 291 737
28 Dekking av tidlegare års meirforbruk	- 4 040 543	-	-
29 Sum disponeringar av netto driftsresultat	- 1 715 130	7 631 121	7 631 121

Fjord kommune sitt bokførte netto driftsresultat i 2020 var på + 1.715.130 som utgjør 0,5% av brutto driftsinntekter.

Både Stordal kommune og Norddal kommune hadde negative driftsresultat dei siste åra før samanslåinga, og det er særleg gledeleg å kunne presentere eit positivt driftsresultat for Fjord kommune det første driftsåret.

1.2 Investeringsrekneskapen

Bevilgningsoversikt - investering	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett
6 Sum investeringsutgifter	22 097 334	45 875 041	45 875 041
9 Sum investeringsinntekter (moms,sal,tilskot)	19 028 600	12 332 920	12 332 920
13 Bruk av lån	2 160 718	26 542 121	26 542 121
14 Sum investeringsinntekter	21 189 317	38 875 041	38 875 041
19 Netto utgifter vidareutlån	- 51 217	- 45 000	- 45 000
21 Netto avsetnader til/bruk av bundne investeringsfond	61 588	- 45 000	- 45 000
22 Netto avsetnader til/bruk av ubundet investeringsfond	795 211	7 000 000	7 000 000
24 Sum overføring frå drift og netto avsetnader	856 799	6 955 000	6 955 000

Bokførte investeringsutgifter er langt lavare enn budsjettert, og årsak til at framdrifta i prosjekta ikkje har vore som forventa, er nærare kommentert under punkt 2 «Vesentlege avvik».

På grunn av inntekter frå sal av bygningar, vart det kun bokført bruk av lån på 2.160.718 i 2020. Ubrukte lånemidlar på låneopptak knytt til investeringsutgifter er på kr. 23.003.463.

1.3 Finansielle måltal

Fjord kommune har vedteke følgjande finansielle måltal med tilhøyrande nivå, og dette skal vere førande for økonomiforvaltinga i kommunen:

1. **Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter –minimum 1,75 %**
2. **Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter –minimum 10 %**
3. **Netto lånegjeld i % av driftsinntekter –maksimum 85 %**

1.3.1 Netto driftsresultat

Mange oppfattar at netto driftsresultat ikkje viser det rette bilete av årets løpande drift. Difor er det ikkje uvanleg å korrigere netto driftsresultat for faktorer som ein meiner «forstyrrer» det økonomiske bilete.

I ei analyse av netto driftsresultat bør det takast omsyn til driftsinntekter som er øyremerkte spesielle føremål, altså korrigere driftsresultatet med avsetnad til bundne fond. Dette kan blant anna vere øyremerkte tilskot og inntekter på sjølvkosttenestene.


På same måte kan tidlegare års avsetnader til bundne fond finansiere driftsutgifter i årets rekneskap, og difor bør det også korrigerast for bruk av bundne fond.

En annen faktor det bør korrigerast for er premieavviket. Et positivt premieavvik er med på å redusere utgiftene, og gir dermed eit falsk bilete i form av lavare driftsutgifter.

Bokført netto driftsresultat	1.715.130
Bruk av bundne fond	10.324.085
Avsetnad til bundne fond	-7.640.890
Utgiftsført premieavvik	-604.321
Korrigert netto driftsresultat	3.794.004

Ved å gjere nemnte korreksjonar blir korrigert netto driftsresultat ein sum av kommunen si ordinære løpande drift. Tabellen for utrekning av korrigert driftsresultat ovanfor, viser at Fjord kommune si ordinære drift gir eit netto driftsresultat på omlag +3,8 mill. I tillegg inneheld også rekneskapen for 2020 ekstraordinære engongsutgifter på omlag 3 mill. Disse er nærare kommentert under punktet «Vesentlege avvik».

Grafen viser utviklinga i netto driftsresultat for perioden 2016-2020 for kommunen. Resultatet er korrigert for bundne fond og premieavvik alle år, og er såleis samanliknbare. For perioden 2016-2019 er Stordal og Norddal sine resultat/inntekter slått saman.



Denne resultatgrada er det gitt sentrale føringar for. Teknisk beregningsutvalg (TBU) har gitt anbefaling på at resultat i % av driftsinntektene bør ligge på min. 1,7% over tid.

1.3.2 Gjeldsgrad

Fjord kommune har høg andel av lånefinansiering av investeringar, noko som medfører store utgifter til renter og avdrag i driftsrekneskapen. Tabellen nedanfor viser utviklinga i netto lånegjeld dei siste åra, og kommunen har pr. 31.12.2020 ein andel på 112,1% lånegjeld sett i forhold til driftsinntektene. Vedteke måltal er max. 85%, men dette må takast over tid og gjerne etablerast delmål.

Ser vi på betaling av lånegjeld, held kommunen seg til det lovpålagte minimumskravet. Dette går fram av bevilgingsskjemaet, og er også presentert i note 10.

Nto.lånegjeld i % av BDI	2016	2017	2018	2019	2020
BDI	310 940 561	329 430 344	325 388 143	332 729 414	335 121 930
Netto lånegjeld	406 150 686	398 800 203	393 333 356	394 596 062	374 531 298
%	130,6 %	121,1 %	120,9 %	118,6 %	111,8 %

1.3.3 Disposisjonsfond

I samsvar med ny kommunelov skal administrasjonen disponere årets meir-/mindreforbruk ved avlegging av rekneskap, og kommunen sitt disposisjonsfond inneheld mindreforbruket for 2020 på 1.715.130.

	2016	2017	2018	2019	2020
Driftsinntekter	310 940 561	329 430 344	325 388 143	332 729 414	335 121 930
Frie driftsfond	11 026 655	7 087 586	6 655 989	1 904 757	2 664 101
	3,5 %	2,2 %	2,0 %	0,6 %	0,8 %

2. Vesentlege avvik

Administrasjonen har eit tydeleg forhold til kva prioriteringar, løyvingar, mål og premisser som ligg til grunn i årsbudsjettet og økonomiplanen til kommunen. Vesentlege avvik som manglar budsjettheimel blir kommentert nedanfor.

2.1 Vesentlege avvik DRIFT

Komm. nr.	Vesentlege budsjettavvik 2020	Rekneskap 2020	Årsbudsjett 2020	Vesentlege budsjettavvik pr.eining
	FINANS			
1	Rammetilskot	- 139 128 076	- 131 793 000	- 7 335 076
1	Skatteinntekter	- 68 694 881	- 72 245 000	3 550 119
2	Eigedomsskatt	- 13 120 709	- 14 415 000	1 294 291
3	Havbruksfondet	- 3 110 116	-	- 3 110 116
4	Tilskot	- 6 844 292	- 5 578 000	- 1 266 292
5	Finansinntekter	- 5 118 217	- 6 757 525	1 639 308
6	Renteutgifter innlån	6 851 558	9 200 000	- 2 348 442
7	Premieavvik pensjon	- 665 746	- 8 000 000	7 334 254
	EININGAR			
8	IT & heimeside	5 919 730	3 835 935	2 083 795
9	Syltebøen bhg	6 428 303	5 357 294	1 071 009
10	Stordal skule	15 432 848	16 630 277	- 1 197 429
10	Valldal skule	16 737 906	18 905 671	- 2 167 765
11	Legekantor, legevakt, helsestasj.	12 975 438	10 942 342	2 033 097
12	Barnevern	1 767 062	3 520 000	- 1 752 938
13	Heimetenesta Nord	9 744 220	11 051 336	- 1 307 116
14	Habilitering Stordal	9 659 678	7 240 224	2 419 454
15	Habilitering Valldal	10 901 838	9 590 442	1 311 396
16	Bygg og komm.teknikk	1 705 819	2 312 267	- 606 448
16	Teknisk drift, vedlikehald	5 701 347	2 086 720	3 614 627
16	Kommunale vegar, gatelys	5 776 061	4 360 000	1 416 061
16	Brannvern	4 158 511	7 599 632	- 3 441 121
17	Sjølvkost	- 5 219 880	380 000	- 5 599 880

På generelt grunnlag var budsjetteringa for 2020 utfordrande. Å slå saman to kommunar er eit tidkrevjande og komplekst arbeid og som tabellen ovanfor viser, har det oppstått avvik. Organisasjonsendringar og uavklare interkommunale avtalar på budsjetteringstidspunktet er to vesentlege faktorar. Administrasjonen har gjennom 2020 hatt god oversikt over dei periodiserte rekneskapa der konklusjonen var at kommunen styrte mot eit positivt driftsresultat. Av denne grunn er det heller ikkje blitt gjort budsjettendringar på avvik som har oppstått gjennom året.

1. Rammetilskot og skatteinntekter

Rammetilskotet og skatteinntekter er budsjettert med grunnlaget frå statsbudsjettet som vart lagt fram i oktober 2019, og justerte tal blir jamnleg oppdatert i KS sin prognosemodell. Pr.31.12.2020 er oversikta slik:

Rammetilskot saldert budsjett	125.890'
Endr.innbyggartilskot knytt til særskilte saker	3.480'
Skjønn Korona	790'
Skjønn naturskade/flaumforebygging	70'
Prosjektskjønn	1.000'
Midlar til smittevernstiltak	167'
Inntektsutjamning for skatt	7.272'
Sum rammetilskot 2020	138.669'

2. Eigedomsskatteutskrivninga for 2020 er endra i tråd med endringslistene pr. 01.12.2020, og Tafjord Kraftproduksjon har fått tilbakebetalt kr. 1.160' for skatteåra 2016-2018. Det er tatt ut søksmål om skatteklagenemnda sitt vedtak er gyldig, og det kan kome endring på denne posten i 2021 når endeleg vedtak ligg føre. Utover dette er det bokført utgifter til taksering som ikkje var med i budsjettet for 2020, og dette utgjer meirforbruket.

3. Havbruksfondet Tilskot frå fondet vart ikkje budsjettert for 2020, då det var usikkert om kommunen kom til å få tilskot og kor mykje dette eventuelt ville vere. Det er ikkje foretatt budsjettendring på dette i 2020.

4. Tilskot

Eingongstilskot for samanslåtte kommunar på kr. 5.578' er både bokført og budsjettert. I tillegg er det bokført eit øyremerka tilskot på 1.266' som gjeld refusjon utgifter Covid 19. Dette er ikkje budsjettert, og heller ikkje foretatt budsjettendring på i 2020.

5. Finansinntekter

Følgjande finansinntekter er overbudsjettert;

- Gevinst finansielle instrument (Aktiv Fondsforvaltning) kr. 660'
- Renteinntekter bankkonti kr. 290'
- Kalkulatoriske renter er budsjettert, men ikkje bokført. I samsvar med rettleiar for bokføring av sjølvkost-tenester, har ikkje kommunen bokført kalkulatoriske renter for 2020.

6. Renteutgifter innlån

Kommunen har hatt renteutgifter på innlån på totalt 6.851' i 2020, mot budsjettert 9.200'. Rentenivået gjekk kraftig ned etter budsjetteringstidspunktet, og dette utgjer ein kostnadsreduksjon på 2,3 mill. for kommuna. Det er ikkje foretatt budsjettendring på dette i 2020.

7. Premieavvik pensjon

KLP utarbeidar prognosar som kommunane nyttar i budsjettarbeidet. Mange faktorar ligg til grunn i desse prognosane, men likevel må kommunane gjere lokale vurderingar av premieavviket. Fjord kommune vurderte premieavviket for 2020 til 8 MNOK for Fjord

kommune, ei intern nedskalering frå KLP sine tal på 12,9 MNOK. Det har vore usikkerhet rundt premieavviket, og difor vart det heller ikkje gjort noko budsjettendring sidan kommunen allereie hadde nedskalert beløpet.

Kommunen har gjort alle rekneskapsmessige justeringar i samsvar med årsoppgåva frå KLP 2020.

8. IT/IKT

Status for eininga er eit meirforbruk på ca. 2 MNOK som det ikkje er budsjettdekking for. Dette skuldast langt høgare lisenskostnader i den nye kommunen enn det som vart anslått på budsjetteringstidspunktet. Det er også innkjøp meir nødvendig utstyr enn det som var forespeila.

9. Syltebøen barnehage

Driftsbudsjettet for Syltebøen skulle vere om lag som førre driftsbudsjett (2019), men på grunn av ein teknisk feil i sjølve budsjetteringsprosessen for 2020 vart det lagt inn ei ramme som var 2 mill.lavare enn 2019. Det er muntleg orientert om dette til kommunestyret, men ikkje gjennomført formell budsjettendring på dette.

10. Stordal skule/Valldal skule

Det var gode budsjettgjennomgangar for 2020, og begge skulane leverer eit mindreforbruk på hhv. 1,2 MNOK (Stordal) og 2,1 MNOK (Valldal). Hovudsakleg skuldast avviket mindreforbruk innan lønnsområdet, samt tilskot frå Utdanningsdirektoratet for læremidlar og lærarar under utdanning, som ikkje fullt ut var budsjettert i 2020.

11. Fjord legekontor, legevakt, helsestasjon

Legekontora har vore gjennom ein omstillingperiode, og det har vore brukt meir ressursar enn budsjettert. Denne situasjonen avstemt, og i 2021 vil ein drifte og rapportere mot budsjetterte driftsføresetnadar.

Anslaget for budsjett på interkomm.legevakt og ØHD har vore for lavt. Ålesund kommune kom ikkje med budsjett pga. kommunesamanslåinga, og vårt anslag var basert på 2019 tal med eit påslag. Dette viser seg å vere for lavt.

12. Barnevern er registrert med eit mindreforbruk på 1.752' som skuldast færre tiltak enn budsjettert. Vi har aldri fått budsjett frå Ålesund kommune når det gjeld barnevern for 2020, og Fjord kommune sitt budsjett var eit stipulert beløp med utgangspunkt i Stordal kommune og Norddal kommune sitt budsjett for 2019.

13. Heimetenesta Nord; Valldal, Fjørå, Tafjord

Det er eit betydeleg mindreforbruk på 1,3 mill.i 2020 som skuldast at tenesta var overbudsjettert på personalområdet.

14. Bu-/habilitering Stordal

Meirforbruk på 2,4 mill. skuldast ekstraordinær utbetaling av lønn på om lag 900' grunna feil i turnus i tidlegare Stordal kommune. Det var også vedteke ny avtale om brukarstyrt personleg assistent, noko som utgjør om lag 260' for 2020. Det er også kjøpt vikartenester frå vikarbyrå i periode då det ikkje var mogleg å løyse bemanninga internt.

15. Bu-/habilitering Valldal

Meirforbruk på 1,3 mill. har oppstått på grunn av ny brukar med oppstart 1.august. Avtalen med Byrg om undervisningstenester er også utvida i 2020 og utgjør om lag 300' av meirforbruket. På denne eininga er også brukarstyrt personleg assistent auka i 2020, og tilskotet frå Helsedirektoratet var lavare enn budsjettert som følgje av endringar i brukarmassa.

16. Teknisk totalt sett står med eit mindreforbruk på om lag 6 MNOK, inkludert eigedomsdrift, VAR, planavdeling og bygg-/kommunalteknikk. Sektoren har hatt ei betydeleg omstrukturering i samband med kommunesamanslåinga, og det var utfordrande å budsjettere rett i første driftsår.

Kommentarar til vesentlege avvik på nokre av einingane:

- Brannvern. Avtale med Ålesund frå mai 2020 vart budsjettert inn, men denne avtalen vart ikkje inngått og vi fortsatt med eksisterande brannvesen i heile 2020. Økonomisk sett var dette ei ordning med ein langt lavare kostnad.
- Teknisk drift/vedlikehald har eit vesentleg meirforbruk. Eitt årsverk burde vore budsjettert på bygg-/kommunalteknikk, og dette blir gjort frå 2021. Utover dette har det også blitt budsjettert eit for høgt bidrag til sjølvkostområda, og dette skuldast det meste av meirforbruket på denne eininga.

17. Sjølvkost

Budsjettet for 2020 på sjølvkostområda vart registrert i null, medan rekneskapen viser mindreforbruk. Dette skuldast at kommunen no bokfører i samsvar med rettleiaren for bokføring innan sjølvkostområda.

Forskjellen mellom sjølvkost- og driftsrekneskapen kan illustrerast slik:

Samlet selvkost:

+ Direkte driftsutgifter
- Andre inntekter enn gebyrinntekter
+ Indirekte driftsutgifter (adm. utgifter)
+ Kalkulatorisk rentekostnad
+ Kalkulatorisk avskrivningskostnad
= Gebyrgrunnlag
- Gebyrinntekter
= Selvkostresultat*

Driftsregnskapet:

+ Direkte driftsutgifter
- Andre inntekter enn gebyrinntekter

Postene finnes bare i selvkostkalkylen og utgjør bl.a. selvkostområdenes bidrag til kommunekassens rente- og avdragsutgifter. Postene skal ikke føres i driftsregnskapet.

= Resultat før gebyrinntekter
- Gebyrinntekter
= Driftsresultat (alltid større enn selvkostresultat)

* Selvkostresultatet føres mot selvkostfond og/eller memoriakonti i balanseregnskapet.

«Mindreforbruket» i driftsrekneskapen innan sjølvkostområda (5,6 mill) har oppstått på grunn av at kommunen ikkje fører adm.utgifter, kalkulatoriske rente-/avskrivningskostnader i driftsrekneskapen. Mindreforbruket representerer dermed inndekking av kostnader andre stadar i driftsrekneskapen (administrative støttefunksjoner, renter/avdrag på innlån i samband med investeringar på VAR områda etc.).

2.2 Vesentlege avvik INVESTERING

Tabellen nedanfor viser dei største investeringsprosjekta med gjenstående budsjettramme pr. 31.12.2020.

Vesentlege invest.prosjekt		Rekneskap 2020	Rev.budsjett 2020	Rest budsjett 31.12.2020
I130101	Digitalisering av gml.arkiv	985 653	1 835 327	849 674
I133001	Rullestolrampe Norddal kyrkje	-	500 000	500 000
I421001	Hjellevegen	148 134	1 708 648	1 560 514
I421002	Parkering Ytterli,Rønneberg	-	600 000	600 000
I421003	Vegar/bruer Stordal	2 706 545	3 127 146	420 601
I421004	Veg øvre Dyrkorn	-	2 847 807	2 847 807
I421005	Griggås, veg og tekn.anlegg	227 633	1 173 990	946 357
I421007	Rekkverk	-	302 053	302 053
I430001	Planarbeid Muribugen	-	500 000	500 000
I430002	Planarbeid Omenås bustadfelt	-	150 000	150 000
I430003	Tettstadutvikling	1 012 565	1 432 682	420 117
I430004	Oppgrad./sikring av leikeplassar	-	150 830	150 830
I470101	Vassverkutbygging Valldal	642 454	1 662 318	1 019 864
I470102	Vatn nedre Stordal	537 881	1 700 000	1 162 119
I470103	Vatn og avløp øvre Stordal	3 079 750	3 568 123	488 373
I492001	Garderobe/symjehall Stordal skule	278 088	5 282 470	5 004 382
I492003	Eidsdal skule oppgradering	291 983	1 312 915	1 020 932
I492202	Ombygg.kommunehus Stordal	927 082	500 000	- 427 082
I492301	Valldal Fjernvarme,undersentralar	336 450	800 000	463 550
I492302	Brannstasjon Stordal	187 603	7 000 000	6 812 397
I492401	Pleie- og omsorgslokaler Valldal	4 698 990	3 750 000	- 948 990
I492402	Sagatun, omsorgsbustadar	612 874	1 250 000	637 126
TOTALT		21 136 726	43 045 041	21 908 315

Oversikta ovanfor viser bokførte investeringsutgifter på 21,1 mill., medan vedteke budsjett for investeringane i 2020 var på 43,0 mill. Dette er eit betydeleg avvik, og det har ikkje lukkast å ha den ønska framdrifta i prosjekta. Det er krevjande å organisere einingar/sektorar i ny kommune, og den administrative kapasiteten har fram til no ikkje vore tilstrekkeleg for å kunne gjennomføre alle prosjekta.

Plan-/reguleringsprosessen i fleire av prosjekta har vore meir omfattande enn førespegla og dermed tatt lenger tid, dette gjeld særleg prosjekta Hjellevegen, brannstasjon i Stordal og rehabilitering av garderobe/symjehall Stordal skule.



3. Måloppnåing / Ikkje-økonomiske forhold

Å planlegge etablering og drift av ei ny kommune, og samstundes avslutte to gamle, har gjort det særst utfordrande i 2020. Det å finne dei rette nivåa på målsettingane har vore krevjande. Når ein ser tilbake på dei ikkje-økonomiske måla, ser ein raskt at Covid19 i stor grad har påverka mykje av arbeidet med å etablere ein ny kultur på tvers av det dei tidlegare kommunane.

Tenestnivået har vore godt innan fleire fagområde i dei tidlegare kommunane, så målet har vore å oppretthalde eit høgt tenestnivå, samstundes som tenestene skulle ligge nær der folk bur. Dette har ein lukkast med.

Fellesnemnda for Fjord kommune har gitt klare føringar for lokalisering, dimensjonering og organisering av tenesta, og med få unntak er dette realisert. Samordning/lokalisering av helsetenesta er ikkje fullført.

3.1 Utvikling av tenester

Fjord kommune lukkast relativt godt med rekruttering av viktig kompetanse, men ein har endå ikkje stetta lovkravet som gjeld tilsetting av psykolog. Stillinga er lyst ut fleire gongar utan hell. No vil det kome utlysing i samarbeid med andre kommunar.

Det er fortsatt utfordrande å rekruttere sjukepleiarar.

Interkommunalt samarbeid

- Både Norddal og Stordal kommunar hadde fleire viktige samarbeidsavtalar med dei tidlegare kommunane som no har vorte Ålesund kommune. Fellesnemnda gav administrasjonen i oppdrag å vidareføre desse avtalane, men la som føresetnad at budsjett og lokalisering skulle ligge føre innan signering.

Dette har vore ei særst vanskeleg sak å få på plass. Ålesund kommune har ikkje involvert Fjord kommune i utarbeidinga av budsjetta slik avtalane var og skulle vere.

Administrasjonen vurderer det som risikofylt å vidareføre samarbeidsavtalar med Ålesund kommune, om ein ikkje vert betre involvert i samarbeidet enn ein har vore fram til no. Status er at ein har signert vidareføring av alle avtalar med unntak av barneverntenesta. Ein har bedd om reforhandling.

Fjord kommune er i dialog med Stranda kommune om samarbeid om tenester på sørsida av fjorden. Det er også samtalar om eventuelt samarbeid innan barnevern, PPT og brann.

Helse

Ein har lukkast med å etablere ei stabil og god legeteneste i både Valldal og Stordal. Det står att å kome i gong med legedagar i Eidsdal.

Fjord kommune har fått statlege midlar til styrkjing av helestatenesta. Dette vil gjere at vi kan styrkje denne tenesta framover. Tenesta har vore sårbar siste året.

Oppvekst og kultur

Høgt fagleg tenestnivå og ein klarer å rekruttere fagkompetanse.
Synkande barnetal i bhg og skule, og struktur må diskuterast.

Teknisk

Tydeleg politisk målsetting om næringslivutvikling og etablering av arbeidsplassar

Det er no svært stor aktivitet, og ein har styrkja planavdelinga for å handtere auka aktivitet.
Det er også mange spennande næringslivsprosjekt som gjer at vi må sørge for å ikkje henge etter når næringslivet vil satse.
Det vert arbeid med strategisk næringsplan.

Samfunn

Mål om å auke folketalet., men det er fortsatt nedgong i folketalet. Med auka næringslivaktivitet, har ein håp om at dette vil snu.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er under utarbeiding.

Omstilling

Ein lukkast med ei omfattande økonomisk omstilling frå 2019 til 2020. Det vart avdekka eit omstillingsbehov på om lag 20 million kr.
Begge dei tidlegare kommunane gikk med underskot, og då er det fint å sjå at ein klarer å drifte 2020 med mindreforbruk. Likevel er ein ikkje i mål med nødvendig omstilling, så omstillingsarbeidet må fortsette.
Demografisk utvikling tilseier at kostnadane må dreiest frå oppvekst- til helsesektoren.

3.2 Andre forhold

3.2.1 Covid 19

Berre få veker gamal vart Fjord kommune råka av kanskje den største utfordringa kommune-Norge har opplevd sidan sist verdskrig.

Førebels evaluering syner at den ferske organisasjonen, både administrativt og politisk har lukkast godt med å takle denne utfordringa, men det har likevel fått konsekvens for moglegheita til å bygge ein ny og felles kultur.

Økonomisk status på ekstraavgifter i samband med Covid 19

Driftsutgifter Covid 19	4.254.195
Inntektstap	1.798.565
Sum driftsutgifter/inntektstap	6.052.760
Statstilskot Koronamidlar frå KMD	2.205.000
Ekstra rammetilskot	3.125.000
Ikkje inndepte utgifter Covid 19	722.760

I tillegg mottok kommunen kr. 1.266' i vedlikeholdsmidler, dette er brukt til fleire prosjekt i kommunen som ikkje var inkludert i det opprinnelege budsjettet. Tiltaket er meint til å auke arbeid og aktivitet i kommunen.

3.2.2 Breiband

Norddal og Stordal kommuner har over ein del år hatt fokus på utbygging av breiband. Etter at ein gjekk saman i Fjord kommune vart dette arbeidet samordna og det vart laga ein samla plan for utbygging av breiband i resten av kommuna. I 2020 vart det signert avtale med Tajord Connect AS om bygging av breiband til alle fastbuande og næringsliv. Dette vert finansiert av utbyggjar, tilskot frå Møre og Romsdal Fylkeskommune (Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit) og Fjord kommune. Fjord kommune har fullfinansiert sitt bidrag på 7,6 mill. kroner. Utbygginga vert i all hovudsak ferdigstillt i 2021. Siste frist ferdigstilling er 15 februar 2022. Våre tilbakemeldingar er att utbygginga er i rute

4. Tiltak for å sikre høg etisk standard

Fjord kommune forvaltar midlar til fellesskapet og er avhengig av eit godt omdømme og tillit frå dei som møter oss. Det er viktig at kommunen opptre skikkeleg i all si verksemd. I samband med dette har ein utarbeidd eit eige dokument som omhandlar etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde.

Retningslinjene er av overordna karakter, og er ikkje detaljerte reglar. Dei hjelper oss til å orientere oss i livet, utvikle samvit og handlar om at vi skal kunne stå for dei vala vi gjer i jobbsituasjonen og i arbeidet som folkevald. Retningslinjene gir rettleiing og klare anvisningar om kva type åtferd som vert forventa av oss, i kva situasjonar. Dokumentet er ute på høyring og blir deretter tatt opp til behandling av partsamansatt utval.

Dei etiske retningslinjene blir ei viktig brikke i kommunen sitt heilskaplege etikkarbeid, der etisk refleksjon skal verte forankra i arbeidskvardagen, både i organisasjonen og politisk.

Når vi set ord på dei forventningane vi har til vår åtferd, blir det lettare både å diskutere desse, og unngå individuelle tolkingar av dilemma. Openheit rundt situasjonar vi kan kome opp i, bidreg til at sjansen for feiltrinn blir mindre.

Etikkarbeidet bidreg til betre kvalitet på tenestene. Det bidreg også til å fremme eit godt arbeidsmiljø og stimulerer til jobbensgjement.

4.1 Internkontroll – rapport for 2020

Kommunedirektøren sin internkontroll tar utgangspunkt i KS sitt verktøy i høve dette arbeidet. Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret om internkontroll minst ein gong i året. I samsvar med KS sine anbefalingar har ein vald å integrere den årlege rapporteringa i årsmeldinga.

4.1.1 Styring

Internkontroll er alt vi gjer for å sikre innbyggjarane gode tenester, overhalde lover og reglar, følgje opp vedtdak og planar og vere opptatt av omdømmet til kommunen.

Ansvar for kvalitet og internkontroll følger som ein del av leiaransvaret i kommunen. Leiarar har ansvaret for internkontroll innan dei respektive sektorane eller avdelingar. Internkontroll er ein naturleg del av drifta i einingane, leiarane veit at ein skal medverke til ein god og effektiv tenesteutøving.

Kommunen sin internkontroll er risikobasert. Som ein del av arbeidet med risikobasert internkontroll, skal kommunedirektøren gjennomføre ei overordna risikovurdering, både sentralt og i kvart kommunalområde, slik at vi få oversikt, og kan vurdere heilskapen i internkontrollen i organisasjonen.

4.1.2 Aktivitetar

I 2020 har ein hatt stort fokus på oppdatering og utarbeiding av sektorovergripande og lokale dokument (reglement, prosedyrar, rutinar, m.m) for organisasjonen sine kjerneoppgåver: tenesteteyting, støtteprosessar, helse, miljø og sikkerheit, personvern (GDPR), og beredskap. Risikovurdering som er knytt til dette, er ein integrert del av års- og handlingsplaner i dei ulike einingane i organisasjonen.

Innanfor personvern (GDPR – general data protection regulation) har ein tett samarbeid med personvernombod hos IKA (interkommunalt arkiv) i Ålesund.

Personvernombod er støttespelar, både når det gjeld rettleiing, oppfølging og gjennomføring av dei lovpålagte oppgåver innanfor GDPR.

Ein har kome i gang med bygging av eit digitalt kvalitetssystem (Compilo), som skal verte tatt i bruk i heile organisasjonen. Systemet blir det sentrale verktøyet for internkontroll i kommunen. Systemet omfattar både kvalitetssystem (dokumentasjon) for den daglige drifta, HMS-arbeid, datasikkerheit og personvern, og ein modul for å melde og behandle avvik.

4.1.3 Effekt og resultat

Ein hadde håp om at ein hadde komme litt lenger med systemarbeidet i organisasjonen. Overgangen til ny kommune (og arbeid med dette), samt ressursbruk i høve pandemien, har medført at ein dessverre ikkje kunne avsetje alt planlagt tid til dette arbeidet.

Sjølv om arbeidet med bygging av Fjord kommune ikkje var ferdigstilt i slutten av 2020, opplever ein at vi har ein robust organisasjon, som er i stand til å levere dei teneste samfunnet har behov for. Vi hadde mange, gode byggeklossar frå tidlegare Norddal og Stordal kommune, som vi kunne bruke til å leggje eit solid fundament å byggje vidare på.

4.1.4 Statleg tilsyn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal avslutta tilsyn med helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming, september 2020. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn i 2018 i Norddal og Stordal kommune, der det blei avdekt 5 brot i Norddal kommune. Etter tilbakemelding frå Fjord kommune, mars 2020, vurderte fylkesmannen at kommunen hadde gjennomført ei tilstrekkeleg kvalitetsforbetring til å rette dei lovbrota som var avdekt i tilsynet. På bakgrunn av denne vurderinga vart tilsynet avslutta.

Ved tilsyn med Valldal skule, januar 2020, fann Fylkesmannen at skulen oppfyller regelverket innanfor dei område tilsynet omfatta. Temaet for tilsynet var skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, etter opplæringslova §9.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjennomførte tilsyn september 2020 i Fjord kommune i samband godkjenning av barnehagar. På bakgrunn av at den nye barnehagen i Stordal hadde starta opp utan godkjenning av kommunen, kom Statsforvaltaren med varsel om pålegg og retting.

Pålegg til å rette opp gjaldt avgjersle av søknad, der Fjord kommune måtte sørge for at vedtak om godkjenning inneheld informasjon om retten til å sjå alle dokument i saka, samt informasjon om retten til å klage på vedtaket. Kommunen har frist til 30.04.21 med å rette dette opp igjen.

5. Likestilling

Lønspolitikken i Fjord kommune er utforma slik at kvinner og menn vert likebehandla i vurdering av lønn og avansement. Kommunen treng medarbeidarar med riktig fagkompetanse og ønskjer eit mangfaldig arbeidsliv. Kommunen skal leggje til rette for å rekruttere minoritetsspråklege og personar med redusert funksjonsevne. Samstundes skal ein ta vare på at alle arbeidstakarar blir rettferdig vurdert.

Fjord kommune har flest kvinnelege arbeidstakarar, med ein kvinneandel på 73 %. Det er færrest mannlege tilsette innan skule, barnehage og helse og omsorg, og flest innan teknisk sektor. Vi ønskjer ei utjamning, men dette skal ikkje gå utover best kvalifisert prinsippet hos søkerane eller tilsette som allereie jobbar i kommunen.

Fjord kommune sin lønspolitikk har som mål å stimulere til initiativ, auka ansvar, god bruk av ressursar og lik løn uavhengig av kjønn. Vi ønskjer å sikre like moglegheiter til sjølvutvikling, karriere og famieliv. Løn for likt arbeid skal vere lik.

6. Aktivitetsplikt etter Likestillings- og diskrimineringsloven § 26

Fjord kommune arbeider aktivt og målretta for å fremme likestilling og å hindre skilnader som strid med Lov om likestilling og forbud mot diskriminering.

Fjord kommune skal ha eit mangfald der kjønn, etnisk opphav, religion/livssyn, seksuell orientering, alder og funksjonsnivå blir verdsett. Alle brukarar og innbyggjarar skal møtast med respekt og likeverd. Det same gjeld der kommunen møter leverandørar, kundar, konkurrentar og andre aktørar.

Kommunen sine premisser for å hindre trakassering og kjønnsbasert mobbing/vold, ligg til grunn i arbeid med rekruttering, arbeidsvilkår, forfremming, utviklingsmoglegheiter og anna tilrettelegging.

Kvar medarbeidar i Fjord kommune skal føle seg trygg på sin arbeidsplass. Vi tek avstand frå alle former for trakassering, mobbing, og forventar at alle bidreg til å verkeleggjere denne haldninga. Vi skal ikkje utsetje andre for handlingar eller ytringar som kan verte oppfatta som krenkjande, skremmande, fiendtlege, nedverdiggande eller audmjukande.

Vi sikrar kvarandre mot problemåtferd, vald og truslar. Like viktig for eit godt arbeidsmiljø, er at vi legg til rette for ein god dialog og eit godt ytringsklima.

Takhøgda for å diskutere og kome med synspunkt er stor i Fjord kommune. Ulike syn, konstruktiv kritikk og andre ytringar blir ønskte velkommen, høyrd, vurdert og respektert.

Når ein har rom for ulikhet, betyr det at vi kan handtere saker og konflikhtar saman, og kjem fram med ei løysing partane kan leve med.

Eit godt ytringsklima bideg til ein kultur der alle finn det trygt å ytre seg. I Fjord kommune er ein verna når ein ønskjer eller er nøydd til å seie frå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Når ein varslar, kan ein rette opp, noko som er positivt for organisasjonen.

Som ein av del av arbeidet, som handlar om tryggleik, dialog og godt samarbeid, har ein utarbeidd ulike retningslinjer, rutinar og rettleiingar, slik at alle tilsette veit korleis ein kan førebyggje, avdekke og rette opp feil.


Dei ulike retningslinjer, rutinar og rettleiingar som er utarbeidd i samband med arbeidet som handlar om tryggleik, dialog og godt samarbeid, seier korleis ein kan førebyggje, avdekke og rette opp feil. I dokumenta finn ein også igjen kva ansvar den enkelte har.

----- * -----

DEL 2 – ÅRSRAPPORT

7 - Fjord kommune – Organisering

7.1 Politisk organisering



Kommunestyret består av 23 medlemmar, fordelt slik:

Arbeidarpartiet	5 medl. inkl. ordførar	(2 medl.formannskap)
Høgre	6 medl.	(2 medl.formannskap)
Senterpartiet	8 medl.	(3 medl.formannskap)
Sosialistisk Venstreparti	2 medl.	
Framstegspartiet	1 medl.	
Kristeleg Folkeparti	1 medl.	

Politiske utval/saker 2020	Antal møter	Antal politiske saker
Kommunestyre	9	139
Formannskap	14	198
Eldreråd	4	6
Råd for pers.med funksj.nedsetting	4	6
Ungdomsråd	5	15
Viltutval	3	11

7.1.1 **Kontrollutvalet** består av 5 medlemmar, og er kommunestyret sitt eige redskap for å sikre at den kommunale verksemda skjer i tråd med gjeldande lover og reglar, kommunale planar og vedtak. Dette er viktig for å oppnå tillit hos innbyggjarane. Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat utøver sekretariatsfunksjonen for Fjord kommune.

7.1.2 **Ungdomsrådet**

Frå 01.01.20 var ungdomsråd lovpålagt og føremålet er at ungdomsrådet skal vere eit talerør for ungdommen i Fjord kommune. Ungdomsrådet skal også vere eit høyringsorgan, bidra til gode oppvekstvilkår og ha muligheit til å påverke i saker som vedkjem ungdom. Dei skal også vere me då auke engasjementet i ungdomsgruppa.

I løpet av 2020 var det opplæring med m.a. representantar frå ungdomspanelet i fylket. Blant sakene som har vore handsama er m.a. ruteendringsprosess, alkoholpolitiske retningslinjer og høyring av planprogram for Røbbervika. Ungdomsrådet har gitt uttale til mange av sakene. Ungdomsrådet skulle i samarbeid med MOT arrangere MOT-festival for ungdom i kommunen i juni 2020, men dette var ikkje mulig å gjennomføre.


I september var ungdomsrådet medarrangør til Verdensdagen for psykisk helse, der Helsesista var foredragshaldar. På dagtid var det foredrag for alle elevane ved ungdomsskulane i kommunen, samt at ungdomsskulen frå Geiranger vart inviterte. På kvelden var det ope foredrag for alle interesserte. Arrangementet var fullfinansiert etter søknadar på eksterne midlar og var gjennomført i samarbeid med skulane, folkehelsekoordinator og Stordal Mental helse.

To av medlemmane i ungdomsrådet var deltakarar på Ungdommens Fylkesting (UFT). Begge stilte til val i ungdomspanelet (UP), og Fjord kommune har eit medlem og eit varamedlem i UP.

7.2 Administrativ organisering

Den administrative organiseringa har vore slik i 2020:

Organisasjonskart Fjord kommune



7.3 Organisasjon og medarbeidarar

7.3.1 Bemanning/Årsverkstabell

Årsverkstabell Fjord kommune	2020
Politisk organisasjon	1,0
Kommunedirektør	1,0
Økonomiavdeling	4,0
Personalavdeling	2,0
Beredskap	0,5
IT	1,5
Fellestenester	5,3
Folkehelsekoordinator	0,7
Sum sentraladministrasjon/stab	16,0
Felles adm. Oppvekst,kultur,næring	1,0
Stordal barnehage	7,9
Dalsbygda barnehage	5,7
Syltebøen barnehage	10,8
Stordal skule/SFO	29,2
Valldal skule/SFO/VO	31,3
Eidsdal skule/SFO	12,4
Kulturskulen	2,0
Kulturadministrasjon	0,4
Frivilligsentral	1,5
Bibliotek	1,9
Martin Linge huset	0,3
Stordalshallen	0,6
Næringsutvikling	0,4
Sum oppvekst og kultur	105,4
Felles adm. helse/PLO	1,0
Kommuneoverlege	0,2
Inntakskontor,koordinerande eining	1,0
Legekontora	9,4
Helsestasjon	2,0
Psykatri	1,9
Fysio-/Ergoterapeut	1,6
Jordmor	0,4
Stordalstunet, inst.drift	18,5
Valldal sjukeheim, inst.drift	33,9
Heimetenesta Stordal	2,8
Heimetenesta Valldal, Fjørå, Tafjord	13,6
Heimetenesta Eidsdal, Norddal	7,7
Bu-/habilitering Stordal	18,5
Bu-/habilitering Valldal	13,9
Sum helse, pleie og omsorg	126,5
Felles adm. Teknisk, landbruk, miljø	1,0
Bygg og kommunalteknikk	4,0
Teknisk drift	13,6
Plan bygg oppmåling (PBO)	4,0
Landbruk	1,7
Brann	0,5
Reinhald	12,2
Sum teknisk, landbruk, miljø	37,0
Sum årsverk	284,8

Fjord kommune har per desember 2020, 369 fast tilsette. I tillegg kjem midlertidige tilsette og tilkallingsvikarar. Gjennomsnittleg stillingsprosent er på 72,20 %, der 73 % er andel kvinner og ein snittalder på kommunens tilsette på 48.


7.3.2 Sjukefråvær

Sjukefråværet i Fjord kommune har sitt første rapporteringsår i 2020 etter samanslåinga. Norddal og Stordal kommune hadde eit samla sjukefråvær i 2019 på 6,98 %. I 2020 var det totale sjukefråværet 8,78 %.


Partane i arbeidslivet inngikk ny IA-avtale for perioden 01.01.2019 - 31.12.2022. IA-avtalen omfattar no heile arbeidssektoren. Målet i den nye IA-avtalen er å skape eit arbeidsliv med plass til alle gjennom å førebygge sjukefråvær og forhindre fråfall. Det nasjonale målet for sjukefråværet i avtaleperioden er at det skal reduserast med 10 % samanlikna med årssnittet for 2018.

Fjord kommune har som målsetting å ikkje overstige 8 % i 2021 og kome under 7,3 %, innan utgangen av 2022.

Utviklinga i fråværet per måned, visar ein trend med høgare fråvær i starten og slutten av året. Toppen for fråværet i 2020 var i mars, før det blir noko lavare igjen. I kva grad koronasituasjonen har hatt verknad på sjukefråværet i perioden frå mars er vanskelig å sei noko om, men vi trur ikkje den har vore stor. Det var bruk av heimekontor og heimeundervising dei to første månadane, men etter dette har det vore ein relativt vanleg kvardag.



Ferieavviklinga i juni – august har sjølvsagt verknad på fråværestalet. Det er også store variasjonar i sjukefråværet mellom dei ulike einingane. Einingane sine tal blir sterkt påverka av tal årsverk i eininga. Små einingar med langtidsfråvær vil prosentvis få høgt sjukefråvær.



Korttid/langtid

Samla sjukefråvær i Fjord kommune utgjorde i 2020 totalt 8,78 %, Fråværet fordelar seg med eit langtidsfråvær (over 16 dagar) på 7,68 % og korttidsfråvær (under 16 dagar) på 1,10 %. Figuren over viser variasjonen mellom sektorane med fordeling mellom korttidsfråvær og langtidsfråvær i 2020. I tabellen under ser ein kvartalsvis oversikt for heile kommunen i 2020.

2020	Kort	Lang	Totalt
K1	1,63	7,83	9,47
K2	0,67	8,5	9,17
K3	0,90	6,8	7,70
K4	1,2	7,6	8,80
SNITT	1,10	7,68	8,78

Det er kommunen sitt første år som ein kommune og mykje skal integrerast saman av både system, rutinar, reglar og liknande. Sjølv med overgangen til ny kommune har vi etablert eit godt samarbeid med bedriftshelsetenesta (BHT), NAV Arbeidslivssenter, tillitsvalde og verneombod.

I 2020 har organisasjonen konsentrert seg ekstra på følgjande tiltak

1. Arbeid med å skape ein god struktur i omorganiseringa og etablere ein lik praksis for tilsette. Gi tid til leiarane på alle nivå til å bli kjend med ny organisasjon og utvikle gode rutinar og felles system mellom dei forskjellige sektorane. Koronaen har medført til at dette har tatt tid og vi har fortsatt ein vei å gå på oppfølginga av tilsette og leiarane inn i 2021.
2. **3- partssamarbeid /STAMI:** Kommunen har starta eit samarbeid med NAV arbeidslivssenter for arbeidet med, *ein bra dag på jobb*. Tematikken er tilrettelagt frå STAMI (statens arbeidsmiljøinstitutt) der vi i første omgang hadde eit kurs for leiarane, verneombod og tillitsvalde i kommunen. I 2021 vil ein starte opp sjølve arbeidet med dei einingane som har størst fråvær (helse- og omsorg, reinhald og barnehage).
3. **HelseSamArbeid:** Norddal kommune har sidan januar 2019 vore med på eit forskingsprosjekt med to andre kommunar (Bamble og Vinje) samt eit forskningsteam ved Helse Sør. Prosjektet

har ein vidareført til Fjord kommune og favner heile næringslivet i kommunen og ikkje bare Fjord kommune som arbeidsgjevar. Målet med prosjektet er å stanse/finne personar i forkant av eit langtidsfråvær. Det betyr at vi skal skape gode verktøy for å redusere fråværet før dei faktisk blir sjukmeldt. Prosjektgruppa består av Fjordhagen, NAV Arbeidslivssenter, Muritunet og kommunen. Det var stillstand i prosjektet frå mars til august, men siste halvåret har ein vore ute og kartlagt fleire næringar og leiarar i kommunen. Legekontoret i kommunen er dei som skal ta i bruk eit ISIVET verktøy som skal veilede den som står i fare for å bli sjukmeldt og sjukmeldar.

7.3.3 Lokale samarbeidsgrupper (HMS-grupper)

Det er viktig med eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar, tillitsvald og verneombod. Dette arbeidet har ein starta å bygge opp i kommunen ute i kvar eining. Nokon har det på plass, mens andre har smått satt i gang. Gruppa vil fokusere på alt som rører seg i eininga og bidra til å utvikle og informere kvarandre.

7.3.4 Lærlingar

Administrasjonen har hatt ønske om å ta inn lærlingar i kommunen etter to år utan lærling både i Norddal og Stordal. Hausten 2020 kom det inn 3 lærlingar til pleie/omsorg som skal vere i kommunen fram til våren 2022. I budsjett for 2021 ønskjar kommunen å auke talet med ytterligere 4 lærlingar fordelt på helse og barn/ungdom.

7.3.5 HMS

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Fjord kommune har ved samanslåinga utpeikt ein person som HMS-rådgjevar i kommunen og er lokalisert i personalavdelinga. Den tilsette har i samarbeid med hovudvernombod, bedriftshelsetenesta, personalsjef og leiarane utarbeidd ein del nye rutinar og iverksett opplæring/utdanning for verneombod og Arbeidsmiljøutvalet.

Kommunen gjorde avtale om levering av kvalitetssystemet Compilo i slutten av 2020 og systemet skal ta føre seg områda rundt HMS (risiko, vernerunde, internkontroll og liknande), avvik, personvern og rutinar/reglement for kommunen og einingane. Opplæring og bruken av systemet vil først starte i 2021. I overgangen til Compilo har kommunen brukt KF sitt avviksystem.

Det er arbeidd mykje med revisjon av styrande HMS-dokument og det er fortløpande implementert i felles mappestruktur fram til Compilo er på plass. Vi vil dei neste par åra sette strukturen på HMS og kvalitetsarbeidet i kommunen og vil sjå eit løft på organisasjonen allereie i 2021.

8 - Hovudutfordringar og muligheter framover


I tillegg til økonomiske omstillingsbehov, er nedgang i folketallet og tilgang på arbeidsplassar i kommunen dei største utfordringane framover. Ein får også ei stadige eldre befolkning i kommunen. Dimensjonering av tenestene og tenestestruktur må tilpassast disse utfordringane. Med denne utviklinga må større del av utgiftene dreiest over frå oppvekstsektoren til pleie- og omsorgstenester.

Nedgang i folketal og tilgang på kompetanse, gjer at Fjord kommune må ha spesielt fokus på nærings- og samfunnsutvikling, samling av fagmiljø og vere offensive for å rekruttere og behalde kompetanse.

Andelen tilsette i Fjord kommune over 60 år er høg, noko som betyr at ein må erstatte om lag halvparten av alle tilsette i løpet av dei komande 7-8 åra. Dette blir ei utfordrande oppgåve.

Det må likevel nemnast at ein har klart å rekruttere kompetansen ein treng innan dei aller fleste fagområde, og det ser ut til at Fjord kommune har blitt ein attraktiv arbeidsplass.

8.1 Folketal



9 – SENTRALADMINISTRASJON/FELLESTENESTENE

Omhandler følgende tenestemråde:

- Politisk styring og kontrollorgan
- Kommunedirektør, økonomi, personal/lønn, IKT, servicekontor
- Næringsutvikling/næringsfond
- Digitalisering, plan, beredskap, folkehelsearbeid

Økonomisk resultat pr. eining POLITISK ORGANISERING	Rekneskap 2020	Årsbudsjett 2020	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Politisk org.	1 426 940	1 439 118	- 12 178
Komm.styret-form.skap	656 738	529 980	126 758
Eldrerådet	23 652	37 650	- 13 998
Ungdomsrådet	48 532	41 862	6 670
RFUN	17 552	30 650	- 13 098
Kommunerevisjonen	971 800	980 000	- 8 200
Kontrollutvalet/SKS	325 557	290 125	35 432
Sum	3 470 771	3 349 385	121 386

Økonomisk resultat pr. eining SENTRALADMINISTRASJON	Rekneskap 2020	Årsbudsjett 2020	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Kommunedirektør	1 564 144	1 628 297	- 64 153
Utviklingssjef	859 464	1 291 355	- 431 891
IT & heimeside	5 919 730	3 835 935	2 083 795
Serv.torg-fellesten.	4 023 332	4 961 961	- 938 629
Beredskap	914 037	1 201 902	- 287 865
Sals- og skjenkeavgift	- 113 428	- 50 000	- 63 428
Kyrkjelege fellesråd	2 744 000	2 744 000	-
Andre livssyn	154 968	110 000	44 968
Folkehelsearbeid	269 088	258 270	10 818
Næringsutvikling	300 000	300 000	-
Næringsfond	1 266 292	-	1 266 292
Personalarbeid	2 905 034	2 029 596	875 438
HMS	424 054	430 628	- 6 574
Kommunikasjon	14 200	35 000	- 20 800
Økonomiavd.	5 330 235	5 695 797	- 365 562
Premieavvik pensjon	- 665 746	- 8 000 000	7 334 254
Forsikringer	1 179 367	597 000	582 367
Sum sentraladm/fellestenester	27 088 771	17 069 741	10 019 030

9.1 Fellestenestene

Fellestenestene er definert som eigen avdeling direkte underlagt kommunedirektøren, der leiar har personal- og økonomiansvar.

Oppgåvene er samansett og omhandlar både eksterne og interne fagtenester. Heilskapstenking står i fokus; vi skal yte god service til innbyggerane samtidig som vi skal samordne og formidle oppgåver og rutiner internt.

Fellestenestene utgjer på mange måtar eit bindeledd for heile organisasjonen. Arbeidet med digitalisering av tenester og oppgåveløysing krev at den enkelte blir ansvarleggjort og at godt strukturerte rutiner er etablert.

Bemanning: 5,3 årsverk.

Arbeidsomfang omhandlar m.a.:

- Politisk sekretariat
- Systemansvar for sakssystemet
- Implementering av nye system og arbeidsmetodar
- Etablering/innføring av ny programvare i organisasjonen
- Sentralt postmottak/dokumentsenter
- Systematisering og avlevering av eldre arkivmateriale
- Saksbehandling og tenester for ulike fagområde; herunder ajourhald av betalingsgrunnlag og fakturering
- Informasjon
- Utviklingsoppgåver
- Publikumskontakt/telefoni
- Ekstern og intern service- og støttefunksjon m.m.
- Beredskapssekretariat

Hovudfokus i 2020 har vore å etablere eit nytt samansett og fungerande team. Samordning av avdelinga med utgangspunkt i at vi samtidig er fysisk plassert på to stader, har gitt utfordringar. Omfang og fordeling av arbeidsoppgåver samt flyt i rutiner har vore sentralt, samtidig har situasjonen med pandemien bidratt til ekstra utfordringar.

Nye felles arbeidsmetodar og system gjorde det særleg nødvendig med intern opplæring og oppfølging. Tilsette har hatt ansvar for opplæringa som er knytt til saksbehandlingssystemet.

Nye tilpassingar, endringar m.a.:

- Mobil sentralbordløysing
- Samordning og tilpassing til ny versjon av felles saksbehandlingssystem
- Tilpassing til nytt organisasjonskart med endra oppgåvefordeling
- Intern opplæring til alle saksbehandlarar
- Intern opplæring til nytilsette gjennom året
- Fullt dokumentinnsyn på postlista/kvalitetssikring
- Møteportal for utlegging av politiske saker
- Nettbrett og opplæring til politikarane
- Avvikling av digitale møte (Teams)
- Ordning og avlevering av papirarkivmateriale – for digitalisering; Documaster
- Varslingsteneste over epost; Everbridge

- Felles arkivplan
- Felles bevarings- og kassasjonsreglement

Digitale løysingar har opna for at oppgåver kan gjennomførast om ein ikkje er samla fysisk.

Samla sett har året skapt vesentleg læring, nytenking og utvikling for avdelinga.

Tilsette har vist fleksibilitet og tileigna seg nye arbeidsmetodar. Ein ser likevel at kompetansehevande tiltak er nødvendig i tida som kjem.

9.2 Beredskap, digitalisering og informasjon

Beredskap

Overordna ansvar for beredskap. Tett samhandling med einingane. Koordinerer og oppdaterer overordna planverk, gjennomfører øvingar og arbeider med fjellskredproblematikk

- Har prioritert å sy saman planverk for ny kommune, og oppdatere ressurslister.
- Har gått med mykje tid til arbeid med korona-situasjonen

Digitalisering

Fjord kommune arbeider kontinuerleg med å bli betre på digitalisering. Under samanslåingsprosessen vart det utarbeidd eigen digitaliseringsstrategi for den nye kommunen.

Vi har fått automatisert ei rekke interne prosessar, og arbeider også systematisk for å gje betre digitale tilbod til innbyggjarane. Det er ei utfordring å heve den digitale kompetansen i heile organisasjonen for effektivt å kunne ta i bruk nye løysingar.

Fjord kommune er ein del av eKommune Sunnmøre, som er eit offentleg samarbeid om IKT og digitalisering. Samarbeidet står for drift av sentral IKT-infrastruktur. I tillegg skal det opprettast faggrupper for mange av tenesteområda. Ein del av dei er etablert og i drift. En forventar at dette samarbeidet skal bidra til gevinstrealisering, synergieffekt, prosessforbetring og saumlause digitale tenester.

9.3 Folkehelse

Frå 1.november 2020 var stillinga som folkehelsekoordinator auka frå 60 % til 70%. Stillinga er plassert under digitalisering, plan og beredskap.

Fjord kommune signerte samarbeidsavtale om God Helse og strategisk folkehelsearbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune 2020-2023.

Folkehelseoversikt for Fjord kommune vart utarbeidd i 2019.

Folkehelsearbeidet er mellom anna knytt til samfunnsutvikling (planarbeid), tverrfagleg førebyggjande arbeid og friluftsliv/fysisk aktivitet.

Registrering av indikatorar for berekraft i Fjord, knytt til prosjektet Berekraftfylket Møre og Romsdal, var lagt til folkehelsekoordinator.

Valldal folkehelsepark steg 1 og 2 vart bygd i 2020, eit nærmiljøanlegg som fekk ekstra fart i arbeidet på grunn av korona og initiativ frå Valldal skule.

Det kan bli bygd liknande anlegg ved fleire skular eller barnehagar i kommunen.

Deltaking i StikkUT! og arbeid med oppgåver knytt til friluftsliv, skilting og merking går kontinuerleg.

Markering av verdsdagen for psykisk helse vart gjennomført med besøk av Helsesista for ungdomsskuleelevane og føresette i september. Dette var eit vellukka samarbeid mellom ungdomsråd, folkehelse, frivilligsentral, frivillige lag og næringslivet.

Folkehelsekoordinator stod også bak utarbeiding av alkoholpolitiske retningslinjer i 2020.

10 – OPPVEKST, KULTUR OG NÆRING

Omhandlar følgjande tenestemråde:

- Fellesansvar oppvekst og kulturadministrasjon
- Barnehagane, grunnskulane, SFO
- Musikk- og kulturskule
- Vaksenopplæring
- Frivilligsentralar, kulturkafe, ungdomsarbeid
- Bibliotek
- Martin Linge-huset, Stordalshallen

Økonomisk resultat pr. eining OPPVEKST	Rekneskap 2020	Årsbudsjett 2020	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Felles adm.oppvekst/kultur	3 742 287	3 647 407	94 880
Stordal bhg	4 424 813	4 668 464	- 243 651
Syltebøen bhg	6 428 303	5 357 294	1 071 009
Dalsbygda bhg	2 471 929	2 464 781	7 148
Stordal skule	15 432 848	16 630 277	- 1 197 429
Stordal SFO	1 422 608	1 536 988	- 114 380
Valldal skule	16 737 906	18 905 671	- 2 167 765
Valldal SFO	899 373	975 914	- 76 541
Fjord vaksenoppl.	- 413 099	- 340 715	- 72 384
Eidsdal skule	8 290 362	9 018 224	- 727 862
Eidsdal SFO	144 941	137 685	7 256
Fjord musikk-kulturskule	2 014 347	2 071 120	- 56 773
Sum oppvekst	61 596 618	65 073 110	- 3 476 492

Økonomisk resultat pr. eining KULTUR	Rekneskap 2020	Årsbudsjett 2020	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Kulturadmin.	772 501	334 479	438 022
Tilskot drift-anlegg	274 481	1 756 625	- 1 482 144
Den kulturelle spaserstokk	24 412	-	24 412
Fjord bibliotek	1 607 265	1 642 292	- 35 027
Frivilligsentralane	932 560	1 002 592	- 70 033
Ungdomsarbeid	64 635	76 500	- 11 865
Stordalshallen	- 159 456	95 000	- 254 456
Martin Linge huset	- 111 612	- 147 286	35 674
Sum	3 404 786	4 760 202	- 1 355 417

Skular

Fjord kommune sine 3 skular syner samla sett ein nedgang i elevtalet. Elevar frå Liabygda skule har sin skulekvardag ved Valldal skule, noko som er regulert gjennom ein avtale med Stranda kommune.

Skulane har godt kvalifiserte lærarar, og per i deg skjer all undervisning i hovudsak med godkjent personell. Ved utlysning av ledige stillingar i 2020 viste det seg å vere tilgang på godt kvalifiserte søkjarar til stillingane. Fagfornyninga – innføring av ny læreplan frå hausten 2020 har vore sentralt i arbeidet ved skulane, sjølv om utfordringane knytt til covid-19 i stor grad har sett sitt preg på skulekvardagen. Vidareutdanning av lærarar skjer også i stort omfang, slik også i 2020, og leiarutdanninga i regi av Sunnmøre regionråd har også vore ei satsing ved alle skulane. Samarbeidet mellom skulane utviklar seg godt, ein deler og lærer av kvarandre.

Grunnskulepoeng dannar grunnlag for opptak til vidaregåande skule og er ein samla poengsum berekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterar på vitnemålet. I Fjord kommune er gjennomsnittleg grunnskulepoeng for 2019/20 43,2, som er nøyaktig snittet for landet som heilheit og marginalt over snittet for Møre og Romsdal. Jentene i Fjord scorar litt høgare enn gutane, 43,6 mot 42,7.

Alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Fjord kommune er ei MOT-kommune, og det meste av dette arbeidet går føre seg i grunnskulen/ungdomstrinnet. Den årlege elevundersøkinga på 7. og 10. trinn viser at det fleste elevane har det trygt og godt på skulen. Generelt er elevane fornøgde med skulen ut i frå parametrane i undersøkinga. Det kan likevel sjå ut til at elevane har mindre motivasjon for skulearbeid dei siste åra. Tverrfagleg samarbeid er viktig, dette gjeld t.d. samarbeid med PPT, barnevernet og helsetenesta. Covid-19-situasjonen har gjort dette samarbeidet utfordrande dette året.

Barnehagar

Fjord kommune har tre kommunale barnehagar. Samla sett er det god barnehagedekning i kommunen, men Syltebøen har hatt stor pågang i forhold til tilgjengelege plassar. Fjord kommune har i 2020 inngått avtale med Stranda kommune om barnehageplass for barn frå Liabygda. Så langt har desse søkt og fått plass i Syltebøen barnehage. Avtalen vart gjeldande frå 01.01.21

Trykket på barnehageplass har i første rekke vore knytt til Syltebøen. Likevel må ein ta høgde for ei ønska tilflytting gjennom store planar for næringsutvikling i kommunen.

Barnehagane har ikkje hatt menn tilsett i 2020, men hatt tilgang på nokre mannlege vikarar. Det har til tider vore utfordringar kring personalmangel i 2020, dette også delvis relatert til covid-19-situasjonen.

Samarbeidet mellom barnehagane utviklar seg godt, tettast samarbeid er det på styrarnivå, men det er også opprette eit samarbeid på ped.leiar-nivå, ein deler og lærer av kvarandre her også.

Det pedagogiske regionnettverkssamarbeidet i regi av Sunnmøre regionråd er svært viktig for ei lita kommune som Fjord kommune, dette gjeld både innanfor skule- og barnehageområdet.

Kultur

Kulturarbeidet har utvikla seg godt gjennom 2020. Dette gjeld i eigen organisasjon å lære kvarandre å kjenne, lære av kvarandre og bli samde om organisering, oppgåvefordeling og ha fokus på det som skal skje framover i Fjord kommune.

Kulturteamet arbeider veldig breitt på ulikt vis ut mot innbyggjarane i kommunen. Samtidig vert kultur invitert og engasjert inn mot andre sektorar i kommunen, det vere seg oppvekst, helse og dei andre sektorane. Dette gjeld t.d. gjennom ordinær drift, prosjekt, finansiering, arrangement osv.



10.1 Stordal barnehage

I første halvår 2020 hadde vi 8 tilsette som utgjorde 7,3 årsverk inkludert administrasjon. Frå hausten 2020 vart antal årsverk redusert til 6,9. Ein av dei tilsette var sjukmeldt i 100 % heile hausten og det var vanskeleg med vikar på grunn av Covid-19. Mykje av hausten gjekk difor eine avdelinga med to vaksne der ped.leiar også skulle ha inn si plantid. Dette var utfordrande for personalet og førte til sjukmeldingar. Etter møte med alle partar vart det beslutta å få inn fleire tilsette for å få hjula til å gå rundt.

Ved utgangen av 2020 hadde Stordal barnehage 8 tilsette. Dette utgjorde 7,9 årsverk inkludert administrasjon og alle til stade.

Vi hadde to tilsette som takka av og vart pensjonistar sommaren 2020. Den eine var ped.leiar. Vi hadde likevel 3 ped.leiarar pluss styrar med godkjend utdanning, noko som var tilstrekkelig med så få barn som vi har i Stordal. Ein av ped.leiarane fekk eit årsvikariat på skulen, og det lukkast ikkje å få inn utdanna pedagog. Det vart tilsett ped.leiar på dispensasjon. Vi har dermed tre pedagogiske leiarar herav ein på dispensasjon, samt styrar.



Første halvår 2020 var det totalt 22 barn i barnehagen herav eitt barn med styrking 1:1. Hausten 2020 starta vi med 18 barn fordelt på to avdelingar. Dette er det laveste barnetalet siste 30 åra i barnehagen. Vi har framleis behov for styrka bemanning med ein assistent 1:1 og det vert også gitt spesialpedagogisk hjelp i ulik grad tilsvarande omlag 0,5 stilling.

Alderssamansetninga i barnehagen pr. desember 2020 er slik:

Født år:	Antal barn
2015	2
2016	5
2017	5
2018	3
2019	3



Heile 2020 har vore prega av Covid-19 . Vi har til dels fått gjennomført personalmøte, i og med vi er såpass få. Vi har noko digital kursing og har brukt Visma Veilederen til kursing av personalet.

Heile personalgruppa var på kurset «Motstand=Styrke» med Adil Kahn i november.

Vår nye barnehage genererer lite midlar på oppgradering og vedlikehald. Det som har vore og framleis er den store utfordringa er å ha nok kvalifisert personale til ein kvar tid og tilgang til stabile vikarar ved sjukefråvær.

Etter at Statsforvaltaren varsla tilsyn, vart det oppdaga at Stordal barnehage ikkje hadde blitt formelt godkjend hausten 2019. Barnehagen vart godkjend november 2020, etter ein svært hektisk periode med teikningar, skjema og formaliteter.

10.2 Syltebøen barnehage

Syltebøen barnehage har tre avdelingar og ved utgangen av 2020 hadde vi 10,6 årsverk. Vårhalvåret var vi litt fleire. Ved utgangen av 2020 hadde vi 54 plassar i bruk fordelt på 40 barn.

Vårhalvåret vart svært prega av korona med stengt barnehage og ganske kaotiske forhold med åpen barnehage på raudt nivå. Vi hadde problem med å skaffe nok og stabilt personal, og vi såg etter kvart at dette gjekk ut over trivselen og tryggheta til barna. Spesielt dei yngste. Det var ei stor lette når vi fekk gå til gult nivå og fungere avdelingsvis igjen. Det har vore eit år med utfordringar for personalet i forhold til å få forståing om at vi har lav terskel for å sende sjuke barn heim. Dei tvetydige smitteveileidarane har gjort det vanskeleg. Det har ikkje vore noko kjekk oppgåve å sende barna heim.

Barnehagen har hatt ein del fråvær blant personalet, både koronarelatert og anna. Med eit sjukefråvær på over 20 % er det vanskeleg å få til stabil drift og utviklingsarbeid. Hausthalvåret var vi heldige å ha stabile og flinke vikarar som gjorde at det likevel vart eit bra halvår.

Det har i hausthalvåret vore jobba med ein plan for å betre uteområdet i barnehagen. Vi har i lag med foreldrerådet samarbeidd med firmaet BOJL. Vi har kome ganske langt i dette arbeidet, men det er sett på vent på grunn av behovet for å også rehabiliterer lokalitetane. Lokala har ikkje tilfredstillande personalforhold og barnehagen er for liten. Pr. i dag er det heilt fullt. Prosjektmidlar er overført frå budsjettet i 2020 til 2021 og målet er å ha ein plan for ombygging/nybygg klar til budsjettbehandlinga for 2022 startar.

I pedagogisk utviklingsarbeid har vi kome oss eit stykke på veg i Kunnskapsdepartementets program «Språkløyper» som omhandlar både betydninga språket har for barnas utvikling og korleis vi kan arbeide med språkutvikling i barnehagen. Vi brukte også eit personalmøte på eit nettkurs «Den utfordrande samtalen» som fekk gode tilbakemeldingar frå personalgruppa og var nyttig både i samband med organiserte foreldresamtalar og den daglege samtalen. Vi har også hatt som tema respekt og forståing både av personal, foreldre og barn. Har brukt litt tema frå MOT med at det ofte kan vere ting i ryggsekken som vi ikkje veit noko om.

Avdelingsvis har vi fulgt årsplan for 2020 så langt det har latt seg gjere. Alle fellesprosjekt for heile barnehagen har gått ut, og vi har i koronatida blitt veldig avdelingsvis.

Ressursar	Haut 2020	Vår 2021
Antal tilsette	Vår 15/Haut 13	15
Antal årsverk	Vår 12,6 / Haut 10,6	12
Antal barn	40 barn, herav 12 u/3 år	47 barn,herav 18 u/3 år
Spesialundervisning	1	1



10.3 Dalsbygda barnehage

Barnehagen vert definert som ein avdelingsbarnehage, men er oppdelt i to grupper: Storbarn- og småbarnsgruppe. Samarbeid mellom gruppene ettermiddag der gruppene er ilag for å nytte personalressurs best mogleg. Det er SFO på barnehagen kvar onsdag og annakvar torsdag, heile dagar.

Barnehagen har eit vedtak på spesialpedagogisk ressurs med 1/1 funksjon, som eigentleg skulle tre i kraft når barnet starta i august 2020. Tilsettingstida for personalressursen trakk ut, og først 1.november trådte denne stillinga i kraft. Stillinga opphøyrer 31.juli 2021.

Dette barnehageåret har vore prega av mykje sjukefråvær. Det meste av sjukefråvær som har vore, er ikkje arbeidsrelatert. Noko av fråværet kan imidlertid relaterast til slitasje etter mange år i arbeidslivet.

Det er særst viktig å ha det pedagogiske personalet som krevjast , og unngå dispensasjon frå utdanningskravet. Å få unge pedagogar inn i barnehagen kan og være eit riktig steg for å sikre ei meir gjennomgåande digital kompetanse. Pedagogisk personale sikrar og den kvaliteten barnehagen treng inn i framtida.

Ressursar	2019	2020
Antal tilsette	5	5
Antal årsverk	4,4	4,4
Antal barn	14	16
Antal barn SFO	3	2
Spesialundervisning		1 frå 01.aug.2020

Kommentar til drifta frå einingsleiar for barnehageåret 2020-21:

- **Oppgradering uteområde i barnehagen til dagens behov**
Vi har fått lovnad om rasvoll som skal skjerme uteplassen for steinsprang. Vi må avvente oppgradering, då løyvde midlar må prioriterast til ras-sikring i første omgang.
- **Oppgradering av personalgarderober**
Utbetring etter krav frå hovudverneombod er gjort utan nemneverdig kostnad
- **Visma Veilederen/ digital opplæring**
Fortsatt fokus på digital opplæring/kurs på våre avdelingsmøter og plandagar.

Utfordringar:

Vi har hatt store utfordringar i høve å få vikarar for sjukefråvær. Det er utfordrande når det faste pedagogiske personalet er sjukemeldt over lang tid. Vi har i skrivande stund nok tilkallingsvikarar.

SFO

Vi må og imøtekome eit sfo –behov. Om antallet barn overstig personalnorm for sfo –barn, og dette resulterer i at det blir utløyst meir personale dei dagane det er sfo , må dette vere ei utgift som skal dekkast av Eidsdal skule på sfo budsjettet.

10.4 Stordal skule og SFO

Talet på elevar ved Stordal skule går ned, og frå hausten 2020 var det 110 elevar ved skulen. Dette gir eit gjennomsnittet pr. klasse på 11 elevar. Klassestorleiken varierer frå 5 til 18 elevar. På grunn av desse variasjonane har det blitt samanslåing av klasser med få elevar i nokre fag på barnesteget, men undervisninga i norsk, matematikk og engelsk er skjerma. Ved organisering av klassesamanslåing blir det teke omsyn til både det pedagogiske og klassestorleik.

Brukarane

Våren 2020 arbeidde vi med å bu oss til innføringa av ny læreplan som tredde i kraft frå hausten 2020. Dette arbeidet sette koronapandemien ein stoppar for då lærarane fekk rikeleg å gjere i samanheng med heimeundervisning denne våren. Utfordringane vart store for lærarane sidan vi ikkje hadde fått på plass verken Fjord kommune e-post, teams eller andre hjelpemiddel som var viktige for å kunne drive heimeundervisning i denne perioden. Men på grunn av positive og initiativrike tilsette, ordna dette seg etter kvart.

Leiargruppa ved skulen har frå hausen 2019 deltatt på leiarsatsinga gjennom Dekomp. Det var lagt opp til ei leiarsamling og ei nettverkssamling for kvart semester, samt mellomarbeid på eigen skule. Fagfornyng av kunnskapsløftet K2020 er ramme for leiarsatsinga, og arbeid i eiga eining med implementering av fagfornyng pregar det praktiske arbeidet i satsinga. Satsinga starta positivt og intensjonane var dei aller beste, men for Stordal skule sin del vart dette arbeidet i 2020 opplevd som vanskeleg på grunn av koronapandemien og sjukdom i administrasjonen. Med berre to personar i leiinga, må viktige ting som t.d. leiarsatsinga vike ved sjukdom og anna fråver, sidan den dagleg drifta må prioriterast.

Det psykososialt skulemiljø er eit viktig satsingsområde for Stordal skule. Det er dessverre slik at fleire og fleire i ung alder har vanskar med å kome seg gjennom skulegang på grunn av at dei ikkje meistrar psykiske og sosiale utfordringar. Stordal skule ønskjer å jobbe førebyggjande med dette, slik at flest mogeleg er godt rusta til å meistre liva sine. Det har vore utfordrande å oppretthalde kontinuitet i dette arbeidet i tider med ulike tiltaksnivå (trafikklysmodellen) pga. koronapandemien. Vi ser heilt klart at korona forverrar situasjonen for dei som har psykososiale utfordringar frå før, i tillegg til at endå fleire vil ha behov for oppfølging på dette området framover.

Skulen har ikkje kunne brukt leikepatrolje etter 12. mars 2020 pga. koronarestriksjonar.

Fjord kommune er ein MOT- kommune. Visjonen bak MOT er eit varmare og tryggare samfunn, der oppdraget er å utvikle robust ungdom som inkluderer alle, gjennom å styrke medvit og mot. MOT er ein ungdoms- og samfunnsbygger som styrker ungdomen si bevisstheit og MOT- til å leve, til å bry seg og til å seie nei. Prinsippa bak MOT- konseptet er å jobbe i forkant, gjere kulturbyggerar ansvarlege, forsterke det positive og sjå heile mennesket. Desse øktene vert leia av MOT- coachane, og har blitt gjennomført med tilpassingar innanfor smittevernsreglane også i 2020.

Medarbeidarar

Sjukefråveret har vore forholdsvis stort dette skuleåret pga. langtidssjukmeldingar. Vi har frå hausten 2020 tre tilsette som tek etter- og vidareutdanning. Vi ønskjer å fortsetje med å ha to lærarar pr. år på dette etterutdanningstilbodet gjennom Utdanningsdirektoratet fram til alle lærarane er kvalifiserte etter kvalifikasjonsreglane myndigheitene har sett.

Året som gjekk, og utfordringane framover

Skulen har elevar med ulike ressurskrevjande utfordringar og diagnosar. Målet er å tilrettelagde slik at alle elevar skal oppleve mestring og utvikling slik at dei får best mogeleg føresetnader til å kunne klare seg på eiga hand.

Det er stort behov for lærarar med spesialpedagogisk utdanning sidan behov for spesialundervisning er ei vedvarande utfordring. Vi ser også at sjølv om elevtalet går ned ved skulen, ville vi hatt stor nytte av kunne bruke meir tolærarar- system i klasserommet. Då kunne vi drive endå betre tilpassa opplæring, og vore i forkant ved eventuell åtferdsproblematikk. Vi trur også at det på sikt vil gi færre spesialundervisningslevar.

Stordal skule er svært takknemleg for initiativet og arbeidet FAU og foreldra har gjort for å skaffe midlar og innsatsen som er lagt ned til oppgradering av utområdet ved skulen. Det er eit stort ønske frå alle partar som har med skulekvardagen å gjere at uteområdet blir meir spennande og aktiverande. Gevinsten vil vere stor i forhold til trivsel, fysisk utvikling, og til å dempe konflikhtar og negativ åtferd.



SFO- Skulefritidsordninga

FAKTATAL

Barnetalet 1. januar var 22. Ved ny sesong i august starta det 27 stk. Seinare starta 2 til, så ved årsslutt var det totalt 29 barn som hadde plass på SFO. Kjøpeplassar enkeltdagar vart og nytta ein del. SFO har tilsyn med elevar frå småskulesteget som må vente på skuleskyss. Opningstida er frå kl. 07:00 til 08:30 og frå 12:45 til 16:30.

Det er i alt 6 tilsette med ulike stillingsstørrelsar knytt til SFO, samla rundt 2,5 stillingar. Desse stillingane er kombinerte med assistentstillingar i skulen. 5 av desse 6, derav dagleg leiar, har fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

KORONA

Nedstenging og kohortar vidare.

12. mars vart SFO stengt, men det var omsorgstilbod for barn av foreldre med samfunnskritiske jobbar. Frå veke 12 tom veke 17 var det dagleg 1-5 barn tilstades. Ordinær SFO opna att i veke 18, men med to kohortar som hadde tilhald på klasseromma.

Det er ikkje tvil om at koronapandemien har ført til avgrensa aktivitet, avgrensingar i bruk av rom og leikeområde, samt mindre samleik og sosial læring.

SFO deltok på arrangementa som Stordal frivilligsentral arrangerte etter å ha søkt midlar frå Buf.dir. I haustferien arrangerte Sunnmøre friluftsråd aktivitetsdag «kom ut» for Stordal SFO.

PERSONAL

Det vart litt auke personalmessig i mai pga. bemanning av to kohortar. Stor ros til personalgruppa for velvilligheit og pågangsmot i høve avløyning av kvarandre og endra planar, arbeidstid og oppgåver på kort varsel. Personale frå SFO avhjelpa Stordal barnehage med vikar nokre dagar då det var ferie-SFO i juni og juli.

10.5 Valldal skule, SFO og Fjord vaksenopplæring

Valldal skule har om lag 145 elevar frå 1-10. klasse, fordelt på ei klasse på kvart trinn med gjennomsnittleg 15 elevar pr. klasse. Skulen har hatt 12 elevar frå Liabygda. Vi har vore ca. 33 tilsette med lærarar, miljøterapeutar, barne- og ungdomsarbeidarar/assistentar og merkantilmedarbeidar fordelt i ulike stillingsprosentar. Dette året har vi hatt 16 elevar med vedtak om spesialundervisning, og 10 elevar med særskilt språkopplæring.

Målsettinga i 2020 for Valldal skule var innføring av ny læreplan, LK-20, og utvikle eit profesjonsfelleskap som gjer at skulen stadig er i utvikling, betrar elevane si undervisning og skapar eit godt lærings- og arbeidsmiljø. Profesjonsfelleskapet på skulen har arbeidd heile året med kompetansepakkane til Udir, og har utvikla felles forståing og tolking av innhaldet i den nye læreplanen gjennom refleksjonsarbeid og praktisk utprøving. Samtidig har leiargruppa ved skulen delteke på leiarsatsinga gjennom Dekomp til Sunnmøre Regionråd. Dette har styrka vår kompetanse til å leie dei tilsette. MOT har vore i eit viktig bidrag i arbeid med å skape eit godt læringsmiljø ved å utvikle robust ungdom som inkluderer alle. I samarbeid med FAU har det vore gjort ein stor innsats på uteområdet med utarbeiding av klatrepark, rehabilitering av ballbinge og utbetring av grindløa. Dette i tillegg til elevane si eiga leikepatrolje for 1-7.kl. bidreg til positive aktivitetar i utemiljøet.



Innanfor det digitale området har vi hatt fokus på bruk av læringsplattformen Itslearning og styrke kompetansen innan programmering.

Skulen har hatt tre lærarar på vidareutdanning innan faga matematikk, engelsk og norsk. To lærarar har også delteke på kompetanseheving innan programmering i regi av Sunnmøre regionråd og NTNU.

Skulen har sjølvstakt vore påverka av Covid-19, nedstenging med heimeskule, og stadig endringar i forhold til nye smittevernreglar.

Skulen hadde i februar 2020 tilsyn på §9-A i Opplæringsloven; Skulemiljø – skulen sin aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Fylkesmannen sin rapport viser ingen lovbrøt,

men at skulen har gode rutinar for å følgje med, gripe inn, varsle, undersøkje, sette inn tiltak og evaluere saker som gjeld skulemiljø.

SFO har 20 barn på heil-/ eller deltidsplass. Flest elevar frå 1. og 3-4.klasse. Det har vore gjennomført aktivitetar knytt til ulike årstider, turar i nærområdet, matlaging og mykje frileik ute og inne.

Fjord vaksenopplæring har hatt 6 elevar for vaksne med nedsett funksjonsevne. Desse elevane har veksla på undervisning fordelt på to dagar pr. veke ved skulen og i samarbeid med Byrg i deira lokale.

Det har ikkje vore gjennomført norskopplæring for vaksne innvandrarak dette året, men nokre kandidatar har gjennomført prøve i samfunnskunnskap ved skulen.

10.6 Eidsdal skule og SFO

Elevtal 2020/2021 er 52 elevar. Skulen er organisert slik at dei ulike trinna delvis går saman. 1 - 2 klasse og 3 - 4 klasse går saman. Både mellomtrinnet og ungdomstrinnet går saman i mange timar. Skulen er midt i verdsarvområdet for fjordlandskapet, og skulen opererer difor som ein verdsarvskule. Dette inneber turar til nære lokalitetar i verdsarvområdet og undervisning med tilknytning til desse. Planverket ved skulen har i seg mykje fokus på verdsarvområdet der dette knyter naturleg an til læreplanmåla.

Ressursar	2020
Antal tilsette	13
Antal årsverk	11,4
Antal elevar	52
Antal barn SFO	6
Spesialundervisning	9

Eidsdal skule er prega av stor stabilitet i kollegiet og lågt sjukefråvær. I korona perioden er dette sjølvstekt noko høgare knytt til smittevern reglane. Gjennom skuleåret har det vore ein tilsett i langtids sjukefravær.

Skulen har 11 lærarar der to har redusert stilling i 60% og 80%. Ein lærar i foreldrepermisjon $\frac{3}{4}$ av året.

Rektor og ein inspektør utgjer totalt 130% administrativ ressurs. Skulen har ikkje merkantilt personale tilsett. Rektor har og overordna oppgåver innan digital kompetanse/IKT på vegne av Fjord kommune. Gjennom IKT-samarbeidet eKommune Sunnmøre har ein fått på plass lokale administratorar på kommunen sine tre skular. Dette inneber mellom anna at ein har moglegheit til styring elevpassord og elevgrupper, knytt mellom anna til stenging av nett ved tentamen og eksamen.

I den daglege drifta i ein forholdsvis liten skule kan det vere utfordrande og få tid til meir utviklingsorientert arbeid. Gjennom skuleåret har det vore jobba med Utdanningsdirektoratets Kompetansepakke for innføring av nytt læreplanverk i skulen sin felles planleggingstid.

Som eit ledd i den digitale kompetansehevinga har stadig meir av skulen sin informasjon til, dialog og kommunikasjon med kollegiet vore flytta over på digitale plattformer.

Skulen har og hatt behov for og jobba med utviklinga av skulemiljøet. Skulen har fått på plass ein ny helsesjukepleiar som har vært ein viktig ressurs i arbeidet med skulemiljø.

Eidsdal skule har blitt medlem i UNESCO sitt Associated Schools Network, et skulenettverk som satsar på internasjonalisert undervisning. The World Heritage in Young Hands er eitt av ASPnets flaggskip-prosjekt og passar godt for Eidsdal skule som en verdsarvskule. ASPnet er eit globalt nettverk med 35 medlemsskular i Noreg og rundt 10 000 medlemsskular på verdsbasis.

Eidsdal skule har òg knytt seg til FN-sambandet og vorte FN-skule. Dette gir skulen tilgang til eit nettverk av skular og undervisningsmateriell knytte til fagfornyninga. Eksempelvis om FN sine berekraftsmål som går direkte inn i dei nye fagplanane.

Mål for verksemda 2021

Mål 1	Videre utvikle sosialt og faglig læringsmiljø
Mål 2	Kompetanseheving knytt til fagfornyninga
Mål 3	Kompetanseheving innan digital kompetanse for elevar og tilsette

10.7 Fjord kulturskule

Fjord kulturskule er etter samanslåinga organisert som ei eining med 2 avdelingar og 3 undervisningsstader. Ein tilbyr framleis undervisning både i Stordal, Valldal og Eidsdal, og fleire av lærarane underviser no i begge avdelingane.

Frå hausten 2020 har kulturskulen hatt 100 ordinære elevplassar fordelt på 80 elevar. Dette er ein liten nedgang frå fjorårets 125 elevplassar

Tilbod

Kulturskulen har det siste året hatt tilbod i ulike musikkfag; opplæring på messinginstrument, treblåseinstrument, slagverk, piano, fiolin, gitar, song og «Musikksprell».

Gruppetilbodet «Musikksprell» for småskuleelevar er framleis populært, og denne gruppa har frå hausten bestått av elevar frå 1.-3. klasse. Ellers er det undervisningstilboda på piano og korpsinstrument som har hatt flest elevar.

Opplæringa i blåseinstrument er i samarbeid med dei tre skulekorpsa i kommunen.

Kulturskulen tilbyr dirigenttenester for skulekorpsa med 30 % subsidiering av utgiftene. Valldal skulekorps og Stordal skulekorps har nytta seg av tilbodet i 2020, medan Eidsdal musikkorps takka nei og leiger dirigent privat.

I Valldal har kulturskulen også hatt eit tilbod om tilrettelagt musikkaktivitet for vaksne brukarar.

Personalressursar

Ressursar	2019	2020
Antal årsverk	2,5 Norddal +1,2 Stordal	3,0
Herav administrasjon	0,6	0,75

Ein har allereie sett nokre positive effektar av samanslåinga av kulturskulane, ma. muligheiter for samarbeid og høve til å utnytte ressursane betre, både når det gjeld elevtilboda og lærarstillingane. Utfordringa er at vi framleis har mange tilsette i små delstillingar, og i stor grad er avhengig av innleige av lærarar frå andre kulturskular. Dette vanskeleggjer samarbeidet mellom lærarare, som alle har andre hovudarbeidsgjevarar og dermed utfordringar med å greie å møtast ofte nok i det daglege, til møter, konsertar mm.

Konsertar/aktivitetar

På grunn av pandemien har vi ikkje fått gjennomføre dei større arrangementa som vanleg det siste året, blant anna måtte julekonsert gå ut. Vi har hatt nokre mindre arrangement, som sommaravslutning, underholdning på sjuke-/aldersheim og interne elevkonsertar. Ellers har det vore laga nokre digitale alternativ, som digital sommarkonsert i Stordal i juni (film publisert på kommunen si heimeside).



10.8 Biblioteka

Etter samanslåinga har biblioteket 1,90 % stilling fordelt på Valldal, Eidsdal og Stordal. Omtrent 7 % av personalressursen vert nytta på Eidsdal skule.

Avdeling Stordal er eit kombinasjonsbibliotek, 40 % stilling folkebibliotek og 10 % stilling skulebibliotek.

Mål for verksemda

Mål 1	Bibliotektenesta i Fjord kommune skal vere aktuell, allsidig og ha kvalitet. Vi må oppretthalde mediebudsjettet.
Mål 2	Bibliotektenesta skal omfatte alle, også dei som har spesielle vanskar med å bruke biblioteket. Geografisk nærleik til biblioteket er viktig. Vi skal ha arrangement med smittevern, i tillegg skal vi lage / dele digitale produksjonar.
Mål 3	Vi skal auke besøka og utlån av mediar. Vi skal nå nye brukarar.

Vi har i løpet av året har hatt aktivitetar som Sommarles, SOFA, sjakk og Seniornett. Også 4 digitale litterære produksjonar og eit fysisk forfattarmøte har vi fått gjennomført, to andre vart avlyste. Vi har fått nye lånarar gjennom desse aktivitetane.

I tillegg ser vi ei auke i bruk av e-bok tenesta til biblioteket, bookbites. Alle biblioteka i fylket brukar 0,5 % av mediebudsjettet sitt i denne tenesta.

Biblioteka har hatt høge besøks- og utlånstal, med tanke på eit år full av restriksjonar. I stengeperioden våren 2020 dreiv vi poseutlån.

Besøkstalet: 5572

10.9 Stordal frivilligsentral

Frivilligsentralane blir drifta ut frå lokale føresetnader og behov. Aktivitetar byggjer på frivillig innsats, bidreg til å skape sosiale møteplassar og legg til rette for lokal frivillig verksemd. Det har vore tilsett 1,5 årsverk knytt til sentralane, 100% i Stordal og 50% i Valldal. Sentralane har felles vedtekter og skal ha eit felles styre som består av representantar frå lag og organisasjonar, samt representantar oppnemnd av Fjord kommune. (Styret er ikkje på plass endå).

Frivilligsentralen er medlem av Norges Frivilligsentraler, og representert i styret i Frivillig Møre og Romsdal. Dagleg leiar for sentralen i Stordal er nettverksleiar for frivilligsentralane på Nordre Sunnmøre.

Frivilligsentralane har sidan oppstarten blitt ein møteplass og arena for mangfaldig aktivitet i kommunen. Det er normalt over 5000 menneske innom i løpet av året og frivilligsentralen har ei lang rekkje tiltak og lågterskel aktivitetar retta mot ulike aldersgrupper og personar med ulike funksjonsnivå. Nokre av aktivitetane er i samarbeid andre avdelingar, lag og organisasjonar eller enkeltpersonar. Det har vore eit nært samarbeid mellom dei to sentralane i 2020.



Utstyrsbase for aktivitet og friluft vart oppretta i 2017 ved hjelp av midlar frå Barne- ungdoms- og familiedirektoratet. Dagleg leiar organiserer drifta og her kan alle låne gratis friluftststyr. I 2020 var det 150 unike utlån, noko mindre enn året før. Vi har prøvd å marknadsføre basen ut i heile kommunen og legg til rette for at lånarar kan hente/levere utstyr også i Valldal.

Supersommar er vidareført via frivilligsentralen og ved hjelp av midlar frå Bufdir var det ferieaktivitetar i form av dagsturar til Valldal aktivitetspark, Atlanterhavsparken og Kulå Bowling.

Den kulturelle spaserstokk er ei nasjonal kultursatsing som har som mål å sørge for profesjonell kunst—og kulturformidling av høg kvalitet til eldre. Ordninga skal også bidra til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod der dei bur. Grunna pandemien vart det meste av aktivitetar avlyst eller utsett og midlane overført til 2021.

I korona-året 2020 var frivilligsentralane stengt om lag halve året, noko som viser igjen på aktiviteten. Dagleg leiar har vore aktiv i søknadsprosessar og til saman fått tilsagn om ca. 600.000,- i

eksterne midlar, m.a. til aktivitetar for barn og unge, samt utstyr til alle tre institusjonane i kommunen.

Aktiviteten ved frivilligsentralen har auka kvart år sidan oppstarten, og ein ønskjer å oppretthalde same aktivitetsnivå framover. Utfordringa for dagleg leiar er å ha nok kapasitet til å ta seg av alle dei ulike oppgåvene.

10.10 Ungdomsarbeid

Stordal ungdomsklubb skal drive ein open treffstad for ungdom. Ungdomsklubben skal utvikle venskap og trivsel hjå ungdomane i eit røyk- og rusfritt miljø. Den skal vere open for all ungdom frå ungdomsskulesteget og opp til 20 år.

Opningstider er laurdagar kl 20:00-24:00 (med unntak av feriar), der foreldre til elevar i ungdomsskulen er vakter. Dagleg leiar har to til tre vakter i løpet av sesongen. Det er i snitt mellom 15 og 20 ungdommar til stades på klubbkveldane. Denne sesongen har vore prega av pandemien og ungdomsklubben har vore stengt i periodar. Ungdomsklubben er samlokalisert med frivilligsentralen og driftar også musikkverkstaden. Ungdomsklubben leiger ut lokalet til t.d. barnebursdag og selskap for øvrig. Frivilligsentralen låner ut lokala gratis til lag og organisasjonar.


Ungdomsarbeid

Ungdomsklubbane er viktige tilbud for ungdommane i Fjord kommune. Det er tre ungdomsklubbar i kommunen – der alle tre har ulik organisering.

- Stordal ungdomsklubb er kommunal og hadde i 2020 eit budsjett på om lag 48.500,- som dekker husleige og straum
- Sylte ungdomsklubb i Valldal har frå 2016 vore ein foreldrestyrt, frivillig organisasjon. Disponerer to rom gratis i ML-huset. Har ikkje hatt drift sidan mars 2020
- Eidsdal ungdomsklubb er organisert under Eidsdal-Norddal Røde Kors. Fjord kommune betaler husleige for ungdomsklubben sin bruk av Røde Kors-huset. Eidsdal ungdomsklubb har ikkje hatt drift sidan mars 2020.

10.11 Martin Linge huset

Martin Linge-huset, offisielt opna oktober 2016. Bygget er inndelt i ein idrettsdel med ny og flott idrettshall og tilhøyrande fasilitetar. Kulturdelen rommar ein stor kultursal, 2 tilstøytande rom for mindre arrangement, 3 undervisningsrom for kulturskulen, samt lokale til ungdomsklubben i 3.etg. I tillegg til faste treningar/øvingar gjennom året, driv vi i tillegg med utleige av lokale til store og små arrangement. Driftskoordinator er tilsett i 25% stilling.



Aktivitet gjennom året

Treningar og øvingar har til ei viss grad gått som normalt, innafor dei restriksjonar som til ei kvar tid har vorte gitt. Brukarane har vist stor vilje til å innrette seg etter det som er gjeldande.

Utleige, av typen som gir leigeinntekter, har vore så og seie fråverande heile 2020. Vi har hatt inne bestillingar, men som i neste omgang har blitt avbestilt grunna restriksjonar. Har derimot frå hausten 2020 hatt fleire kommunale arrangement, både store og små. Store og gode lokale, som gir gode forhold for å overhalde smittevern, samt god tilrettelegging frå oss på huset, trur vi har sitt å seie. Kommunale arrangement gir derimot ikkje i same grad inntekter i kassa. Den planlagde Bygdafesten, som tradisjonen tru skulle gå føre seg palmelaurdag, vart ikkje uventa avlyst. Dette ville gitt gode inntekter. Som ein kompensasjon fekk vi tildelt kr 57.140 i koronasøtte.

Premisser/måloppnåing

Covid19 har dessverre hatt stor innvirkning på drift/bruk/utleige av huset i 2020. Til tider lite aktivitet på huset, noko som gir lite inntekter. Inntekter frå hallreklame er stabil. Grunna nedstenging av samfunnet, samt sjukdom, har drifta av huset vore helde på eit minimum.

10.11 Stordalshallen

Kort skildring av eininga

Stordalshallen var offisielt opna 25.januar 1997, der det vart lagt ned ein enorm dugnadsinnsats. Tilbygg til hallen vart ferdigstilt i 2014. Hallen har mange fasilitetar; idrettshall, grendasal, skytebane og klatrevegg. Det har vore god inntening der profileringskonseptet har vore avgjerande. Dagleg leiar er tilsett i 60% stilling.

Profileringskonseptet åleine har gitt inntekter på heile 7 millionar dei siste 20 åra! På det meste har ein hatt over 100 verksemder med og då inntekter på godt over kr 500.000 årleg. Som ein konsekvens av den gode innteninga, er hallen rikt utrusta og det har blitt innkjøpt utstyr for betydelege beløp opp gjennom åra. Dette bidreg til å gjere det meir attraktivt å gjennomføre arrangement og leige hallen til samlingar, øvingshelgar etc.

Kommentarar til drifta i 2020

* Pandemi

Driftsåret 2020 ber naturleg nok preg av pandemien. Gledelegvis rakk ein likevel å få gjennomført årsfesten februar 2020 før landet vart stengt ned. Hovslia sin fest var ei stor oppleving for publikum og i tillegg hadde dei eit overskot kr 120.000!

I tillegg ser vi tilbake på ein flott kulturfest med aktørar frå heile Fjord kommune, samt fleire mindre arrangement. Vi hadde også fleire besøkjande grupper desse to første månadane

Naturleg nok får ei slik nedstenging konsekvensar og for Stordalshallen sin del utgjorde tapte leigeinntekter åleine, rundt kr 130.000.

* Heimesida

Det at heimesida vart fjerna frå 1. januar 2020 har uheldige konsekvensar for drifta av Stordalshallen. Stordalshallen har som mål å få flest mulig til å fatte interesse for det ein har å tilby, i konkurranse med stadig fleire aktørar innan dette feltet. Difor var det ekstra gledeleg at eit samla kommunestyre i desember 2020 vedtok at Stordalshallen skulle ha si eiga heimeside. No er det særskild viktig at ein får ei slik side opp og gå, om ein skal kunne halde på samarbeidspartane ein alt har, rekruttere nye, og oppretthalde den store aktiviteten og den gode økonomien ein har hatt i 25 år.

* Økonomi

* Profileringskonseptet den viktigste årsaka til at Stordalshallen går så bra økonomisk. Sjølv om ein dessverre registrerer tilbakegang, er kr 435.000 også i 2020 framleis bra.

* Det eventyrlege overskotet frå årsfesten 2020 var naturlegvis også sterkt medverkande til det positive resultatet. Kr 120.000 er langt høgare enn vanleg.

* Stordalshallen mottok i løpet av 2020 flotte gåver frå hhv Anitas Systue (kr 39.000 til innkjøp av idrettsutstyr) og Sparebanken Møre (kr 15.000 til innkjøp av ny talarstol og nytt lerret)

Følgjande øyremerka inntekter vart sett av på fond pr. 31.12.2020


Gåver kr 54.000,-

Premissar/måloppnåing

Om ynskjemålet er at Stordalshallen skal driftast etter same mal som den er blitt gjort i snart 25 år no er det ein heilt avgjerande premis at ein oppnår aksept for det særskilde med drifta av Stordalshallen.

* Ein må syte for at den store innsatsen som vert lagt ned av mange, verkeleg (og framleis) kjem Stordalshallen til gode. Anten dette no gjeld årsfest, instruktørar og andre bidrag i samband med små og store arrangement/dugnader

* Ein må syte for at Stordalshallen skal kunne få ha dei same mulighetene ein har hatt fram til no i høve til å drifte så godt også økonomisk (heimeside, årsverk).



11 – NÆRING

Ansvaret for næringsutviklingsarbeidet i Fjord kommune låg fram til 1.10.20 hjå utviklingssjefen/ass. kommunedirektør. Frå det tidspunktet vart ansvaret lagt til kommunalsjef for oppvekst og kultur/ass. kommunedirektør.

Vekst i Stordal og Fjordhagen var i all hovudsak bærebjelkane i arbeidet med næringsutvikling i dei gamle kommunane.

I 2019 vart det gjort vedtak om å vidareføre engasjementet i Fjordhagen og Vekst i Stordal ut 2020 for å sikre kontinuitet i arbeidet med næringsutvikling og for å halde på kompetansen som desse representerte. Parallelt skulle det i 2020 utarbeidast ny samfunnsdel og næringsplan. Grunna uføresette store arbeidsoppgåver knytt til Covid-19, kom dette planarbeidet seint i gong.

Endeleg vedtak av strategisk næringsplan vert truleg i juni 2021, dette etter ein prosess med folkemøter, næringslivsundersøking i samarbeid med distriktssenteret og fylkeskommunen, samt offentleg høyring m.m.

I sak 123/20 gjorde kommunestyret nytt vedtak for det som gjeld næringsutviklingsarbeidet. Kommunestyret vedtok å vidareføre prosjektet Vekst i Stordal og avtalen med Fjordhagen fram til utgangen av 2021. Fram til då må det avklarast kva som vert endeleg organisering av næringsutviklingsarbeidet i Fjord kommune, då inkludert ei avklaring kring eventuell avviking eller omorganisering av stillinga i Vekst i Stordal.

Litt fakta:

- I følge Statistisk sentralbyrå så var det 32 nyetableringar i Fjord i 2020. Det er 10 fleire enn i 2019 og det høgaste talet på nyetableringar på ti år.
- 37,5% av bedrifter i Fjord starta i 2013 hadde overlevd 5 år etter. Dette er høgare enn både snittet for Møre og Romsdal som var på 32% og for landet som var på 28%
- Det har vore ein nedgang i tal på sysselsette på mellom 1,5-3% i 2020. Møre og Romsdal har hatt ein nedgang på 0,4% medan landet har hatt ein vekst på 0,9%.
- Per 31.12.2020 hadde Fjord 8 miljøfyrtårnsertifiserte bedrifter. Ei bedrift er ISO14001-sertifisert.

11.1 Vekst i Stordal

Prosjektet Vekst i Stordal (ViS) blei etablert i Stordal kommune i 2014. Målet er å medverke til 75 nye arbeidsplassar og aktivitet i ledige industrilokale. Prosjektet var i utgangspunktet fireårig med start i 2014, og er finansiert med midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, RDA-midlar og Stordal kommune/Fjord kommune

Vekst i Stordal sine overordna strategiar er:

- Tiltaka til ViS vil i hovudsak byggje på kvalitetane Stordal og næringslivet har frå før
- Prioritere tiltak som koplar fleire verksemdar saman og som kan gi direkte og indirekte sysselsettingseffekt hos fleire verksemdar på ein gong
- Vektlegge konkrete resultat. ViS skal ha fokus på arbeidsplassar og næringsutvikling - ikkje stadutvikling med diffus næringsgevinst

Prosjektet har vorte forlenga utover opprinneleg prosjektperiode i samråd med fylkeskommunen. Dette gjeld då perioden 2018-2021. Prosjektet vil bli avslutta ved utgangen av 2021.

Arbeid med satsing på smoltanlegg og visningscenter/oppdrett har vore ei svært viktig satsing som Vekst i Stordal har vore delaktig i. Ved utgangen av 2020 var det framleis uklarheit kring nokre av faktorane som spelar inn på om ein kjem i mål med denne satsinga. Det blei jobba med saka i heile 2020, og vidare i 2021. Denne konkrete saka har vore ein av dei viktigaste årsakene til at prosjektperioden har blitt forlenga.

Status per i dag er at det foreligg konsesjon for landbasert smoltoppdrett, det foreligg konsesjon for bruk av fersk grunnvatn, det foreligg tilsagn om visningskonsesjon til Norsk Sjømat Oppdrett AS og det foreligg eit forprosjekt for smoltanlegget og planer for visningskonseptet knytta til visningskonsesjonen. 2020 blei prega av handsaming og klagehandsaming knytt til sjølokaliteter som Norsk Sjømat Oppdrett AS er avhengig av for å realisere visningskonsesjonen sin. Det er venta at denne handsaminga og klagehandsaminga vil kunne bli ferdigstilt i 2021.

I tillegg til arbeid med smoltanlegg og visningscenter har Vekst i Stordal i 2020 vore involvert i følgjande aktivitetar:

- Tett dialog med fleire av dei etablerte verksemdene om vekst- og utviklingstiltak – m.a. Simek, Stordal Møbel, Machine Control, Busengdal, Pedro Eiendom, Arena Overøye m.fl.
- Møte og oppfølging av gründere/nyetablerte verksemder – m.a. Storfjord Iskrem, Fjord Cruise, Fjord Exploration m.fl.
- Arbeid med ny strategisk næringsplan for Fjord kommune
- Dialog med verksemder som potensielt kan etablere seg i/flytte til Stordal

Organisering

Styringsgruppa for Vekst i Stordal har i 2020 hatt følgjande medlemmar: Anne Berit Løset (leiar) fram til september 2020, Charles Tøsse (leiar) frå september 2020 og Eva Hove. Det har vore 8 styremøte og 45 saker er behandla i 2020. Harald Espeland har vore tilsett som prosjektleiar i 40 %-stilling.

Vekst i Stordal har hatt ei orientering til kommunestyret i 2020.



11.2 Fjordhagen AS

Fjordhagen AS får eit årleg tilskot frå næringsfondet i Fjord kommune til å drive framhjelp av næringslivet i kommunen. Dei arbeider etter måla som er sett i gjeldande strategiske næringsplanar, og har levert ein full rapport for kva ein har jobba med og kva resultat ein har oppnådd i 2020. Her er eit utdrag av denne:

11.2.1 Nyetableringar og vekst/nyskaping i eksisterande næringsliv

Førstelineteneste for eksisterande bedrifter

Fjordhagen AS har totalt rådgjeve 55 etablerte bedrifter (eldre enn 5 år). Det har både vore rådgjeving i strategisk utvikling, digitalisering og kopling av nettverk og finansiering i søknadsprosessar for utvikling, vekst og innovasjon. Mange av bedriftene har fått hjelp til å søkje midlar frå både Innovasjon Norge, næringsfondet og andre finansieringskjelder.

Førstelineteneste for nyetableringar – hoppid.no

Fjordhagen AS har totalt rådgjeve 39 bedrifter/gründerar i oppstartsfasen 0-5 år. Vi avklarar kva etablerar/bedrifta treng av rådgjeving, kompetanse, finansiering mm., rettleier i utarbeiding av forretningsmodell/plan og koplar etablerarar/bedrifter med relevant nettverk og samarbeidspartnarar. Mange av bedriftene har fått hjelp til å søkje midlar frå både Innovasjon Norge, næringsfondet og andre finansieringskjelder.

11.2.2 Grunnarbeid for næringsutvikling

Vedlikehald og utvikling av kompetanse- og finansieringsnettverket for gründerar og bedrifter i Fjord kommune.

Ein stor del av arbeidet som Fjordhagen med framhjelp av næringslivet i kommunen handlar om vedlikehald og utvikling av kompetanse- og finansieringsnettverket for gründerar og bedrifter i Fjord kommune. Dette handlar om deltaking på hoppid.no nettverkssamlingar, forvaltning av hoppid.no gründerstøtte, arrangere og marknadsføre kurs både i eigen regi og i hoppid.no-regi, arbeid i regionalt nettverk for næringsutvikling på Sunnmøre, kompetanseheving og sertifisering av rådgjevarar, oppfølging av Ungt Entreprenørskapsprogramma i grunnskulen, kopling av bedrifter i ulike samanhengar (styrekompetanse, mulege lokale underleverandørar), og løpande kontakt med alle viktige samarbeidsaktørar/verkemiddelapparatet.

Fjordhagen er også involvert i prosessar med tettstadutvikling, strategisk næringsplan, informasjon til klima- og miljøplan og planlegging av ny nettportal. I samband med Covid-19-pandemien har det i 2020 vore mykje arbeid med å få til møter mellom kommunen og næringslivet med tanke på smittevern og andre utfordringar, og halde seg oppdatert på ekstraordinære støtteordningar og kompensasjonsordningar.

Fange opp og initiere prosjekt for næring- og lokalsamfunnsutvikling

Fjordhagen har også ei rolle i å fange opp og få i gang samarbeidsprosjekt for næring- og lokalsamfunnsutvikling. Døme på prosjekt det har vore jobba med i 2020 er

- Valldal – the Adventure Valley. Prosjektutvikling og skaffe finansiering frå Innovasjon Norge.
- Opplev Tafjord. Prosjektutvikling og skaffe finansiering frå Innovasjon Norge, Hofseth Aqua, Tafjord kraftproduksjon.
- VIEN-mat. Prosjektutvikling.
- Kopling av bygg-entreprenørar og kommunen saman i ei satsing for bustadbygging
- Medvirkande i ideutvikling av digital tvilling-prosjektet Twin Fjord
- Kontakt med næringsaktørar og næringsutviklingsapparatet i Rauma som ønsker å samarbeide om utvikling av sykkelturnisme både i terreng og på landeveg

11.2.3 Vertskapsfunksjon og elektronisk turistinformasjon

Ivaretaking av Fjord kommune sine forpliktelsar ihht. avtale med Destinasjon Ålesund-Sunnmøre

Fjordhagen AS er kontaktperson mellom kommunen og DÅS og har ansvaret for å gje DÅS oversikt over aktuelle reiselivsbedrifter i kommunen, legge til rette for næring- og produktutvikling i Fjord kommune og oppretthalde eit tilfredstillande system for innsamling og overføring av nødvendige oversikter over kommunen sine sjåverdigheiter, aktivitetar og øvrige publikumstilbod.

Fjordhagen har ansvaret for korrekturlesing av tekst på ikkje-kommersielle attraksjonar.

Drift og utvikling elektroniske infoskjermer

Elektroniske infoskjermer er eit spleiselag mellom kommunen og Fjord næringsforum der næringsforumsbedriftene betalar for system/drift av skjermer og kommunen gjennom Fjordhagen AS oppdaterer infoskjermane med innhald. Det er i dag 13 elektroniske info-skjermer kring på næringsforumsbedrifter i kommunen. Lag og organisasjonar får publisert sine plakatar gratis.

11.3 Næringsfondet

Fjord kommune sitt næringsfond er i hovudsak basert på årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalt av Tafjord Kraftproduksjon AS og Rauma Energi Produksjon AS, samt renter og anna avkastning. Totalt vart det innbetalt kr. 3 030 000,- i konsesjonsavgifter til næringsfondet i 2020. Disponering vert gjort gjennom den årlege budsjetthandsaminga, der ein andel av den totale ramma vert disponert til bedriftsretta tiltak, som igjen er styrt av vedtekter og retningslinjer for næringsfondet. Desse vart vedtekne i sak 18/20. I budsjettet for 2020 vart det sett av 1.170.000,- til fondsstyret til handsaming av søknadar frå næringslivet.

I samband med ein av regjeringa sine krisepakkar, fekk Fjord kommune tildelt kr 1.266.292,- via fylkesutvalet i Møre og Romsdal, ei løyving knytt til kommunale næringsfond. Til saman handsama formannskapet 18 søknadar i 2020. I samband med handsaming av søknadar, samt prosess med strategisk næringsplan, har det kome synspunkt på at ein må sjå på retningslinjer og vedtekter for næringsfondet på nytt. Dette vil kome som ein konsekvens av endeleg vedtak om strategisk næringsplan.

12 – HELSE, PLEIE OG OMSORG

Omhandlar følgjande tenestemråde:

- Helsetenesta
 - Fysioterapi, ergoterapi
 - Psykiatri
 - Helsesøster, jordmor
 - Legeteneste
 - Sosialteneste / NAV / Barnevern

- Omsorgstenesta
 - Institusjonsteneste
 - Bu- og habiliteringsteneste
 - Heimebaserte tenester

Økonomisk resultat pr. eining HELSE	Rekneskap 2020	Årsbudsjett 2020	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Felles admin. HPO	1 441 915	1 110 919	330 996
Inntakskontor, koordinering	1 211 259	1 346 141	- 134 882
Kommuneoverlege	643 153	316 208	326 945
Fjord legekontor	9 474 683	6 068 503	3 406 180
Legevakt, ØHD,nødnett	2 618 243	3 244 136	- 625 893
Fjord helsestasjon	882 512	1 629 703	- 747 190
Psykiatri	1 174 653	1 057 905	116 748
Psykolog	14 800	-	14 800
Jordmor	332 300	217 780	114 520
Fysio-Ergoterapi	1 991 807	2 176 328	- 184 521
Barnevern	1 767 062	3 520 000	- 1 752 938
Sosialtenesta-NAV	2 183 460	3 049 000	- 865 540
Sum helse	23 735 847	23 736 623	- 775

Økonomisk resultat pr. eining PLEIE OG OMSORG	Rekneskap 2020	Årsbudsjett 2020	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Stordalstunet	13 523 453	13 071 695	451 758
Heimetenesta Stordal	2 682 308	3 018 443	- 336 135
Dagtilbod demente	77 645	-	77 645
Valldal sjukeheim	21 974 526	22 826 608	- 852 082
Heimetenesta Nord	9 744 220	11 051 336	- 1 307 116
Heimetenesta Sør	5 800 897	5 996 492	- 195 595
Habilitering Stordal	8 897 780	7 240 224	2 419 454
Habilitering Valldal	10 901 838	9 590 442	1 311 396
Sum pleie og omsorg	73 602 667	72 795 240	1 569 325

Covid-19 pandemien har ført til at tenesteområdet har måtte omstille drifta i løpet av året. Forsterka smitteverntiltak har kravd auka ressursar, og dette har påverka arbeidet med å fullt ut å skape ein felles organisasjonskultur i tenesteområdet. Likevel er det etablert godt samarbeid på tvers av dei gamle kommunegrensene.

Rekruttering av helsepersonell er fortsatt ei stor utfordring, og ein har mellom anna ikkje lukkast å tilsette psykolog som er ein funksjon som er nedfelt i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Sjukefråvær hos tilsette i tenesteområdet utfordrar drifta i enkelte einingar, og dette vert det jobba spesielt med i enkelte avdelingar. Kommunen deltek i prosjektet HelseSamarbeid som har som mål å redusere sjukefråvær.

Tenesteområdet har arbeidd med fleire prosjekt som har som mål å omstille drifta for å auke kvalitet og økonomisk berekraft for å møte auka behov i åra framover. Eksempel på dette er mellom anna kvalitetsreforma «Leve heile livet», Helseplattforma og bruk av velferdsteknologi. I tillegg hadde vi som mål å utarbeide ein bustadsosial handlingsplan for å møte framtidige behov i tenesta. Dei fleste av desse prosjekta har vorte forsinka mellom anna grunna Covid19.

2020 er første driftsåret i samanslått kommune. Det var derfor knytt noko uvisse til budsjetteringa. Det er stor variasjon i årsresultatet sett opp mot budsjett på einingane. Av ei total ramme på 96,5 mill. innan tenesteområdet, enda rekneskapen med eit meirforbruk på 1,5 mill.kroner.

12.1 Fjord helse

Ny eining i Fjord kommune for legeteneste, helsestasjon og jordmorteneste. Tenestene er lokalisert både i Stordal og Valldal, og dekker heile Fjord kommune.

Ressursar	2020	2021
Antal tilsette	14	12
Antal årsverk	12,8	10,8

Legetenesta

Det er legekantor både i Stordal og Valldal. Ved Stordal legekantor er det to legar, fastlege og turnuslege-LiS1, begge 100%. Ved Valldal legekantor er det 3 fastlegar, alle i 80% stilling. 2 helsesekretærar, 100% og 50% stilling i Stordal og 2 helsesekretærar 100% i Valldal. Legane deltek også i interkommunalt legevaktsamarbeid. Kommuneoverlege tilsett i 20% stilling.

Helsestasjon

To helsesjukepleiarar i 100% stilling. Det er innvilga prosjektmidlar frå Helsedirektoratet til styrking og utvikling av skulehelseteneste og oppstart helsestasjon for ungdom. Tilsetting i prosjektstillinga frå jan. 2021.

Prosjektstillinga er med på å gjere skulehelsetenesta meir tilgjengeleg for brukarane, og det blir lagt vekt på informasjonstiltak på digitale plattformer og høgare grad av deltaking i skulane sine aktivitetar og undervisning.

Jordmor - 40 % stilling.

ØHD-teneste

Våren 2017 vart det etablert ØHD-teneste via interkommunalt samarbeid med nabokommunar om ei eining lokalisert i gamle Åse Sjukeheim, og samlokalisert med legevakttenesta. Hensikta med ØHD er yting av enklare akutte tenester nærare der pasientane bur og på lavast mogleg nivå, det vil seie på kommunenivå. ØHD sine oppgåver er observasjon og utgreiing av akutt innsettande sjukdom og tilpassa initierande behandling der helsetilstanden elles er avklara. Oppfølgjande behandlingsintervensjon skal skje lokalt i kommunen. Det krev god tilgang på lege- og sjukepleieteneste, noko som venteleg vil auke i framtida. Samhandlingsreforma frå 2012 er ein retningsreform der kommunar gradvis får overført fleire oppgåver frå spesialisthelsetenesta. Det må kommunen være budd på.

Kommentar til drifta 2020 frå einingsleiar:

- Auka bruk av vikarar grunna arbeidsoppgåver og arbeidsbelastning med pandemien, smitteverntiltak, koronatelefon, teststasjon, beredskap testkapasitet, beredskap smittesporing. Vi er få og det blir behov for vikar ved fråvær, ekstra arbeidsoppgåver over tid og liknande. Også auka utgifter til smittevernutstyr og arbeidskle i koronasituasjonen.

Mål for verksemda

- Fortsette å yte gode helsetenester i Fjord kommune
Dette føreset tilgjengeleg personale for å drifte tenestene
- Fortsette bygginga av teamet Fjord helse
Samarbeid mellom kontora og jamnlege møter, sosiale aktivitetar
- Gjennomgang rutiner og praksis mellom legekontora i kommunen

Utfordringar:

- Vi har knapp bemanning, sårbart. Til tider stor arbeidsbelastning, også mykje ekstra på grunn av koronapandemien. Det har vore lite rom for forefallende arbeid som kvalitetssystem og prosedyrer.

12.2 Tildelingskontor og koordinerande eining

Eininga er nyoppretta i samband med kommunesamanslåinga, og starta med 1,7 årsverk knytt til saksbehandling innan helse og omsorg. Eininga har også koordinerande ansvar for rehabilitering herunder fysioterapi, ergoterapi og psykisk helsetenester.

Tildelingskontoret gir informasjon og rettleiing, gjennomfører kartlegging og samarbeider med alle tenesteytane einingar innan helse og omsorgstenester i kommunen.

Ressursar	2020
Antal årsverk admin.	1,3 ved utgangen av 2020
Antal årsverk fysioterapi	0,8 (auka frå 0,5 frå 01.05.20)
Antal årsverk ergoterapi	0,8 (heimel 1 årsverk)
Antal årsverk psykisk helseteneste	1,2 til 30.11, deretter 0,8

Fysioterapitenesta kan gje råd og rettleiing til dei med motoriske vanskar, muskel eller skjelettplager. Samt gje tilbod om behandling der dette er aktuelt.

Ergoterapeut skal gi rettleiing og bistand til personer i alle aldersgrupper som av ulike årsaker har eller står i fare for å få funksjonsnedsetjing. Ein går inn med førebyggjande tiltak der dette er nødvendig. Funksjonsvurdering, tilrettelegging, rettleiing og behandling av aktuelle problem, samt vurdere behov for hjelpemiddel.

Ei sentral oppgåve er og å gje råd og rettleiing til andre kommunale tenesteinstansar.


Psykisk helseteneste for vaksne gir hjelp og støtte til personar som har ein psykisk vanske. Tilbodet du får er individuelt tilpassa og avhengig av dine behov. Det kan vere:

- personleg oppfølging og støttesamtalar
- hjelp til å lage struktur i kvardagen og finne meningsfulle aktivitetar
- individuell plan, ansvarsgruppe og hjelp til å finne riktige tenester
- støtte til betring og meistring
- samarbeid med fastlege og andre hjelpeinstansar, medisinadministrering

12.3 Pleie og omsorg Stordal

Stordalstunet

Institusjonen følgjer opp tenester som er tildelte med langtidsopphald, korttidsopphald og avlastningsopphald. Drifta i 2020 vore prega av eit spesielt og krevande år både for brukarane, pårørande og personal i forhold til Korona pandemien. Forebyggjande tiltak vart utarbeida og sett i verk og institusjonen har i periodar vore stengt for besøkjande. Pleie og omsorgsoppgåver har vore varierende i løpet av året. I periodar har det vore behov for å bemanne opp for å yte ei forsvarleg teneste og ivareta smittevern, men det har også vore periodar der pleie og omsorgsbehovet har vore lavare og har då i dei periodane ikkje blitt leigd inn personal ved fråver.



Kjøkken

Institusjonskjøkken er stabilt og velfungerande og trivselsframmande ordning for bebruarane på institusjonen og til brukarar som er tildelt middagsombringning i heimetenesta. Tenestene har høg grad av serviseorientering og fokus på brukarmedverknad og tek omsyn til ønska til den einskilde brukar i samband med tenesteutøving.



Heimetenesta

Heimetenesta vart flytta frå bu- og habiliteringstenesta i Stordal pr. 01.01.2020, og institusjonsdrift og heimebaserte tenester er no underlagt same leiar. Heimetenesta gir hjelp og veileiing til den som har behov av pleie og omsorg i eigen heim, samt medisinsk behandling i nært samarbeid med lege. Heimetenesta arbeider med å legge til rette for at heimebuande skal kunne bu heime lengst mogleg. Antal tenestemottakarar har vore stabilt, medan pleie og omsorgsbehovet varierar i periodar. Ein har framleis ikkje nattpatrulje og dette kan gjere vegen frå heim til institusjon i einkilde tilfelle kort, men eit tett samarbeid mellom institusjonsdrift og heimetenesta gir tenelege og ressurseffektive løysingar.

Heimesjukepleia i Stordal har kun eitt personal på vakt. Vi ser at det er auka etterspørsel på tenesta i heimesjukepleia, og arbeidsbelastninga på personalet er stor spesielt på dagvakt. Det har vore behov for å auke bemanning i heimesjukepleia med personal på dagvakt enkelte dagar spesielt for at sjukepleiaren skal få følge opp sjukepleiefaglege oppgåver. Digitale tryggleiksalarmar har blitt teke i bruk i 2020. Litt problem i starten, men fungert bra etterkvart.

12.4 Demensomsorg / Dagsenter

Dagtilbodet er ei teneste som i omsorgsplan 2020 vart pålagt kommunane opp mot heimebuande eldre med kognitiv svikt/demens sjukdom. Omsorgstenesta si vurdering er at det også er behov for slikt tilbod, som helsefremmande tiltak, då eldre heimebuande ofte opplever einsamheit og/eller lite stimulering i kvardagen.

Formålet med tilbodet er å støtte brukarane slik at dei opplever ein meningsfylt kvardag, sosialt samvær, trivsel og trygghet. Tilbodet er og eit avlastningstiltak for pårørande med store omsorgsoppgåver. Det er lokalisert til fellesstova på sjukeheimen i Valldal ein gong i veka.

12.5 Pleie og omsorg Valldal, Eidsdal, Norddal, Fjørå og Tafjord

Ressursar

Institusjon : Totalt 28 Plassar; 8 på skjerma eining , 2 Covid plassar og 1 palliativ plass , 2 kortidsplassar og 15 langtids plassar. Vi har og hatt brukarar inne på avlastning, slik at pårørande kan hente seg inn, og klarer å ivareta brukaren i heimen litt lengre.

Heimetenesta : Heimetenesta nord og heimetenesta sør .

Heimetenesta Nord (Valldal, Fjørå, Tafjord) har ei avdeling som ligg i Valldal og her har ein 12 bemanna omsorgsbustadar, tre psykiatribustadar og to omsorgsbustader på Sagatun . Omsorgsbustadane er bemanna 24/7.

Heimetenesta Sør (Eidsdal,Norddal) som ligg i Eidsdal med 12 bemanna omsorgsbustader og 2 psykiatribustadar . Ved denne bustaden kan personalet vere på utrykning på bygda og dei er såleis ikkje bemanna 24/7.

Kjøkkenet har 4 årsverk, og leverer mat til alle fem bygdene i tidlegare Norddal kommune. Det er matlevering til Eidsdal 3 ggr/veka. På sjukeheimen i Valldal er det kjøkkenet som lagar til alle måltida. Tørrmat vert servert av personalet på avdelinga. Det er middagslevering til dei som ikkje klarer å lage mat heime.



Tenestetilbodet

Ein kartlegg kva som er viktig for den enkelte tenesteytar. Målet er at ein skal få behalde eigne ressursar lengst mogleg og oppretthalde sjølvstende for eige liv. Ein ivaretek integriteten og verdigheita til den enkelte. Opplæring er viktig. Vi har begrensa tilgang til fagpersonar, og dette har vore ei utfordring. Vi har likevel klart å gjennomføre avansert behandling av brukarar i heimen, og her samarbeidar sjukeheim og heimeteneste. Vi har heimhjelpstilbod og støttekontakt. Det er utfordringar å få personar til å ta desse jobbane.

Året starta med mykje optimisme og spenning over å ha blitt ei ny kommune. No skulle sjukeheimen og heimetenesta jobbe tettare i hop og utnytte ressursane betre. Samstundes skulle vi sikre kvaliteten på tenestetilbodet og det skulle vere eit likeverdig tilbod i heile kommunen.

Så kom Covid 19 og situasjonen endra seg . Det vart stengt institusjon, og dei eldre fekk ikkje ta imot besøk. Dette har vore ein krevjande situasjon for alle brukar og tilsette. Heldigvis for oss fekk vi KOMP og nettbrett av Sparebanken Møre og Lions, dette har vore til stor glede for dei som bur her. No fekk dei kommunisere og sjå sine nære/familie sjølv om dei ikkje fekk møte dei fysisk.

Uteområdet vert meir brukt ,dette har vorte eit område til glede for dei som bur her – frivillige og pårørande held hagen i hevd.

Vi fekk frivillige som kom inn i institusjonen og hadde underhaldning – «sitte gym» blant anna – dette har vore til stor glede for bebuarane.

Utfordringar

Den største utfordringa er mangel på kvalifisert tilsette. Vi har dette året hatt tilgang på studentar som har vore heime og det har «redda» oss mange gonger. Det å gå underbemanna og utan fag slit på personalet. Vi har pasientar som treng ekstra ressursar, og dette kan vere krevjande. Sjølv under Covid pandemien fekk bebuarar som var i den siste delen av livsfasen ha pårørande/nokon hos seg. Her har vi strekt oss langt for å få ein verdig avslutning på livet.

Sjukefråvær hos tilsette er og ei stor utfordring, særskild på ei avdeling

Vi har ein assistent som tok fagbrev som helsefagarbeidar

Måloppnåing

Vi har blitt gode på teknologi, og dette kjem pasientane/ bebuarane til gode. Vi ynskjer å nytte meir velferdsteknologi i framtida slik at fleire kan bu heime lengre, og ein kan enklare ivareta dei som bur på institusjonen.

Vi ynskjer å bidra til at nødvendige endringar vert gjennomført ,slik det kan sikre gode pleie og omsorgstilbod til alle i Fjord kommune.

12.6 Bu- og habiliteringstenesta



Bu- og habilitering gir praktisk hjelp, personleg hjelp og målretta miljøarbeid i heimen til menneske med nedsett funksjonsevne, og har som mål å tilby fagleg forsvarlege tenester etter gjeldande lovverk og forskrifter. Vi ivaretek den enkelte sitt behov for heilheitleg omsorg gjennom dagtilbod, heildøgnsoppfølging og veiledning i bolig, støttekontakt, brukarstyrt personlig assistanse, avlastningstilbod og fritidsaktivitetar. Vi sikrar tenestetilbodet sin kvalitet med fokus på trivsel og tryggleik for menneske som treng oppfølging og hjelp, tilrettelegg for ein aktiv og sosial kvardag, førebyggjande og behandlande tiltak, samt bruk av tilgjengeleg velferdsteknologi. Førebygge einsemd, skape trivsel, bidra til at brukarane føler meistring i kvardagen, legge til rette for eit aktivt liv og å oppretthalde eit best mogleg funksjonsnivå. Vi har i dag 9 brukarar som får heildøgnsstilbod, samt 10 andre som mottek ei form for teneste frå oss.

Kommentar til drifta 2020

Den største utfordringa har vore mangel på personell. Vi har mangla vikarar ved sjukdom og i ferie, og i korona tida har dette vorte ekstra utfordrande. Det å gå underbemanna, bli forskjøve og få pålagt overtid over lengre periodar gjer at det blir sårbart og mykje sjukmeldingar. Her er det størst overforbruk på budsjett. Det er likevel betringar i siste del av året med nedgang i sjukefråver og mindre vakanse der vi har lykkast å få fast tilsette i så godt som alle stillingar.

Premissar/måloppnåing

47 vedtak/saker i 2020. Turnusar godkjent, langvakter i Valldal og nedgang i sjukefråver. Dei som har ønska større stilling gjennom internutlysing har fått dette, så godt som ingen vakanse. God fordeling av kompetanse i tenesta, ønske om fleire høgskuleutdanna personale, men fått to tilsette med helsefagleg bachelor i 2020. Stabilitet og sikkerheit er betre.

13 – TEKNISK, LANDBRUK OG MILJØ

Teknisk, Landbruk og Miljø (TLM) i Fjord kommune er lokalisert i kommunehuset i Stordal, og er sammansett av tre avdelingar; plan og miljø, bygg- og kommunalteknikk og reinhald.

TLM har ei eiga avdeling for reinhald knytt til alle kommunale bygningar. Ansvarsområdet strekkjer seg frå dagleg reinhald og vaskeriteneste for helseinstitusjonane, samt periodisk reinhald og golvbehandling i dei ulike bygga. Leiar for avdelinga er kommunalsjef, Hilde Dyrkorn.

Mange tilsette har fått nye ansvarsområder og vi har brukt tid til å bli kjend og legge opp nye arbeidsstrukturar både inne og ute. Teknisk samarbeid mellom Stordal og Norddal (TSSN) var eit samarbeid med ingeniørressursar på tvers av kommunane som fungerte godt. Dette har vi teke med vidare, og vi har no Kornelija Lukaseviciute som styrer teknisk drift i Fjord kommune. På denne måten får vi oversikt over ressursar og arbeidsoppgåver innan byggdrift og VAR-områda i kommunen.

Det har vore fleire nye og spennande oppgåver for TLM dette året. Vi har strekt oss etter å løyse oppgåvene på ein god måte, og har heile tida vore i god dialog med overordna, kommune og fylkeskommune m.fl. Den nye driftsforma og dei nye oppgåvene vert sett i fokus, og vi har mange nye fagsystem som skal nyttast innan plan og byggesak og teknisk drift. Digitalisering og elektronisk sikring av informasjon knytt til bygg, bruer, vegar, VA anlegg m.m er ei oppgåve vi så vidt har begynt på. Kartlegging av leidningsnett vil truleg ta fleire år, men vi er godt i gang.

TLM har eit utfordrande bilete knytt til rekruttering. Det er gjennom året brukt ein del tid på rekruttering og opplæring i dei ulike avdelingane. Generasjonsskiftet er tydeleg, og vi har ei rekke stillingar som vil gå ut med pensjon innan kort tid, innanfor alle områda i TLM. Det vert arbeidd målretta med rekruttering i tett samarbeid med personalsjef.

Økonomisk resultat pr. eining	Rekneskap	Årsbudsjett	Meirforbruk (+)
TEKNISKE TENESTER	2020	2020	Mindreforbruk (-)
Felles admin.TLM	1 105 360	1 434 965	- 329 605
Bygg og komm.teknikk	1 705 819	2 312 267	- 606 448
Teknisk drift, vedlikehald	5 701 347	2 086 720	3 614 627
Felles ansvar maskinpark	425	545 000	- 544 575
Kommunale vegar, gatelys	5 776 061	4 360 000	1 416 061
Off.områder, park, kai	196 429	-	196 429
Plan,byggesak,oppmåling	1 902 969	2 634 255	- 731 286
Landbruk,skog,miljø	1 406 536	1 613 227	- 206 691
Jakt og vilt	- 41 454	130 461	- 171 915
Brannvern	4 158 511	7 599 632	- 3 441 121
Renovasjon	- 177 527	-	- 177 527
Vatn	- 2 475 354	-	- 2 475 354
Avløp	- 1 322 265	-	- 1 322 265
Slam	- 177 842	-	- 177 842
Feiing	- 80 576	-	- 80 576
Mynd.utøvelse Forurensingslova	- 268 782	-	- 268 782
Fjernvarme,distr.nett	- 717 534	380 000	- 1 097 534
Sum	16 692 123	23 096 527	- 6 404 404
Eigedomsforvaltning	591 556	-	591 556
Reinhald komm.bygningar	7 255 844	7 164 876	90 968
Skulebygg, barnehagar	2 275 392	2 321 000	- 45 608
Idrettshallar, kulturbygg	600 890	835 000	- 234 110
Admin-,forretningsbygg	257 134	1 540 000	- 1 282 866
Lager-,service-,oa.bygg	407 401	- 480 250	887 651
Sjukeheimar,omsorgsbustadar	2 215 271	1 876 000	339 271
Sum eigedomsdrift	13 603 488	13 256 626	346 862

Sjølvkost

I tabellen ovanfor går alle sjølvkostområda (VAR,slam,feiing,mynd.utøving Forurensingslova) med eit mindreforbruk. Det er utarbeida rettleiing for korleis bokføringa kring sjølvkostberekningane skal/bør gjennomførast. Kommunen har eige sjølvkostrekneskap som blir utarbeida i samarbeid med Envidan AS, der sjølvkostområda blir regulert ved hjelp av avsetnad eller bruk av fond. Status for dei einskilde sjølvkostområda er spesifisert i note.

Mindreforbruk

Av mindreforbruket på 6,4 mill. utgjer sjølvkostområda 5,6 mill. Dei vesentlegaste avvika er kommentert nærare under «Vesentlege avvik – drift» punkt 16 og 17, side 11.

13.1 Bygg og kommunalteknikk

Kort skildring av verksemda

Avdelinga har slikt hovedansvarsområde.

- Drift/vedlikehald kommunale bygningar
- Kommunale vegar (inkl. brøyting, strøing, bruer, gatelys og stikkrenner)
- Offentlege plassar og grøntområde
- Vatn og avløp (renseanlegg, pumpestasjonar og ledningsnett)
- Kaier
- Ledningskart
- Slamtømming
- Renovasjonstenester i samarbeid med Årim
- Utsleppsaker
- Kommunale køyretøy
- Oppfølging av investeringsprosjekt

Kommentar til drifta frå einingsleiar

2020 har vore prega av ny organisering og samanslåing av driftsavdelingar. Det har vore arbeid mykje med samordning av innkjøp, avtalar, bruk av felles utstyr og oppgåveløysing på tvers av gamle kommunegrenser. Dette arbeidet bør halde fram.

Eininga arbeider i alt for stor grad etter manuelle system. Det har vore arbeid med auka digitalisering i 2020 og dette må fortsette i 2021.

I tillegg til ordinær drift, har det vore arbeid med gjennomføring og planlegging av investeringsprosjekt. Her er mange prosjekt som ventar på gjennomføring.

Premisser/måloppnåing

- Budsjettet for 2020 har kun rom for nødvendige driftsoppgåver. Lite rom for vedlikehald og oppgraderingar av bygningsmasse. Driftsbudsjett for veg er for lavt, og vi har brukt opp avsatte midlar. Det er utført litt vegetasjonsrydding, litt nødvendig grøfterensk og kantslått. Ikkje alle områder er teke kantslått i 2020. Det er utført reasfaltering på nokre vegstrekk, behovet er langt større.
- Løysing av lovpålagde oppgåver samt oppgåver knytt til vakt/beredskap har hatt prioritet, og såleis gått føre ein del vedlikehaldsoppgåver.
- Budsjetterte investeringsprosjekt. Manglande gjennomføring pga kapasitet.

13.2 Plan og miljø

Kort skildring av verksemda

- Avdelinga har slikt hovedansvarsområde.
- Rådgjeving og forvaltning etter plan- og bygningslova og anna lovverk
- Landbruksrelaterte oppgåver og tenester
- Oppmåling, kart og matrikkel
- Prosjektarbeid, kommunale planprosjekt og stadutvikling

Kommentar til drifta frå einingsleiar

Samanslåinga gjekk godt med motiverte og samarbeidsinnstilte tilsette som jobbar som eit lag. Heimekontor og samarbeid over nettet har fungert særst godt for avdelinga, sjølv om nokre oppgåver framleis er meir kontorbundne. Kan nemnast stort arbeidstrykk og aktivitet på dei fleste fagfelt.

Ny landbrukssjef og ny kommuneplanleggar er tilsett i vakante stillingar etter pensjonsavgang og omorganisering. Ein har også i 2020 opplevd auka behov på planfronten lokalt, og kompleksiteten i fagområdet nasjonalt er framleis aukande. For å få oppgåvene med viltforvaltning løyst måtte del av planleggarkapasiteten leggest om, og derfor er ikkje plankapasiteten så stor som den kunne vore. Ein har sett konsekvensar av mange års manglande kapasitet til å drive aktiv kommunal planlegging, med eldre planar som gjev færre eller ueigna areal for utvikling og meir utfordrande planmessige avklaringar. Det gjev alvorlege konsekvensar, spesielt med tanke på næringsutvikling.

Ein del tid og kapasitet har gått med til å bidra til løysingar for innbyggjarar og næringsliv utover det ein kan forvente frå ein kommune, knytt spesielt til rådgjeving, deltaking og oppfølging. Vi har opplevd at det bidreg til at tiltak finn si løysing, og at det går raskare for søkjarar å få avklaring, men det krev naturlegvis meir av våre fagfolk samanlikna med ei minimumsløysing.

Premisser/måloppnåing

- Det er utfordrande å definere måloppnåinga i unntaksåret 2020 ettersom året har vore prega av omstilling og nye forhold, men sjølv med stor arbeidsmengd har det gått greitt. Mykje av arbeidet er også i 2020 utanfor gebyrbelagte oppgåver.
- Vår avdeling er fleksibel og saksbehandlingstida er generelt kort, og godt innanfor fristene, men enkelte saker går over tida og ein får redusert inntekt frå gebyr. Oftast skyldast dette systemfeil eller at sakene er spesielt krevjande. Dette arbeider ein med å forbetre, og innføringa av ny modul for saksbehandlingssystemet vil bidra her.
- Dessverre har der vore høgt prioriterte oppgåver der framdrifta ikkje har stått til forventningane, også for enkelte lovpålagde oppgåver. Utviding av Omenås bustadfelt og arbeid med digitalt planregister kan nemnast. Det må prioriterast mellom mange viktige saker, regelmessig kjem det inn nye saker som gjer at prioritering endrast fortløpande. Då kan framdrift på enkelte viktige saker bli skadelidande til fordel for dei andre viktige sakene. For å kunne møte forventningar om mengd og framdrift kan det vere aktuelt å sjå på omorganisering av oppgåver, men også auke i kapasitet gjennom styrking av budsjettet.

Avgjerande at midlar er tilgjengelege til innleige av spesialkompetanse, også på drift og ikkje berre i prosjekt.

13.3 Brann og redning

Fjord har tre brannstasjonar (50 mannskap) og har vore organisert under brannsjef i 40 % stilling første driftsår. Planen var at vi skulle gå inn i eit samarbeid med Ålesund i ein vertskommunemodell våren 2020. Dette vart utsatt, og vi har i tida arbeidd med fleire alternativ som det å stå åleine og eventuelt i samhandling med omliggande kommunar.

Vi ser at tida går, og vi er glad for at Lars Kjell forlenga avtalen om å vere brannsjef for Fjord kommune. To av tre stasjonar har hatt stasjonsansvarlege gjennom året. Ved stasjonen i Stordal har det vore ei ordning med tilsynsvakt der to og to tilsette har vekesansvar med fastsette sjekkpunkt på stasjonen. Hausten 2020 blei det gjort arbeidsmiljømessige forbetringar ved stasjonen i Stordal. Her vart røyst ein carport for ekstra utrykningskøyretøy. Det er og vurdert andre lokasjonar for heile brannstasjonen i Stordal for ein mellombels periode. Dette har vi ikkje kome i mål med, og tillitsvalde er informert og har uttalt at det er viktigare å halde fullt fokus på ny stasjon.

Nye prosedyrar og smittevernutstyr vart utarbeidd i høve korona. Brannsjef kan rapportere at alle planlagde øvingar er gjennomførte i mindre grupper tilpassa situasjonen vi har stått i. Til øvingane har vi leigd inn ressursar frå Stranda brannvern. Alt mannskap har vore gjennom Akutthjelparkurs.

Alt tilhøyrande røykdykkarane med varmvøving, medisinsk/ fysisk test og bedriftshelseteneste, kontroll av utstyr m.m. er gjennomførte.

Det er elles supplert til stasjonane med verneklede, skotøy, div. handverktøy/drill spesielt til Stordal brannstasjon.

Feiing har vi leigd inn frå Stranda, til feiing av bustadar i Eidsdal, Norddal og Stordal.

Det har elles vore arbeidd med reguleringsplan og planlegging av ny brannstasjon i Stordal.

13.4 Reinhold

Ansvarsområdet strekkjer seg frå dagleg reinhold og vaskeriteneste for helseinstitusjonane, samt periodisk reinhold og golvbehandling i dei ulike bygga.

Kort skildring av verksemda

- Reinhold er ei avdeling i teknisk, landbruk og miljø, som vert styrt av kommunalsjef.
- Reinholdet vert utført i skular barnehagar, institusjonar, administrasjon- og helsebygg. Vi har også reinhold i næringsshagen, i Byrg sine lokaler og i servicebygg med offentlege toalett.
- Reinhold står for innkjøp til alle bygg innan forbruksmateriell, reinhaldsartiklar, tørk mm. Det er ein merkbar auke etter pandemien frå mars 2020.

Kommentar til drifta frå einingsleiar

Nokre av areala vi reingjer er lagt inn i reinhaldsplanar slik at vi reingjer etter avtalt frekvens og kvalitetsnivå. Andre områder vert reingjort etter fleire års erfaring, og med god dialog ute i

einingane. Det var store forskjellar på tilgjengelige planar, utstyr og maskinar for reinhald i det vi vart ny kommune ved årsskiftet 2020.

Utfordrande å kome til, og gjere reinhald på ein rask og effektiv måte i lokalitetar som skular og barnehagar. Betre planlegging hjelper på, og med ekstra utfordringar knytt til Covid-19, er det heilt nødvendig med koordinering ute i eininga. Det er vist stor vilje frå dei ulike einingane til samhandling.

Premisser/måloppnåing

Auka behov for personale til reinhald er synleggjort etter gjennomgang av reinhaldsplanar, og dei nye krava til reinhald under pandemien. Spesielt i helseinstitusjonar har behovet vorte synleg, og då innan vaskerifunksjonen der det har vore budsjettert med for liten ressurs.

Dette behovet er no delvis løyst med vikariat, og tilbod om auka stilling slik at vi kan halde på kompetansen i avdelinga.

Det er svært få søkjarar til stillingar på reinhald, og vi har også svært unge arbeidstakarar. Snittalder i reinhaldsavdelinga er høg, og ein må ha gode styringsdokument i form av reinhaldsplanar, arbeidsbeskrivingar og opplæringsplanar klar til neste generasjon. Ein stor del av kunnskap og erfaring ligg no til kvar enkelt reinhaldar, og lite er skriftleggjort.

Opplæring i bruk av maskiner, nytt utstyr og metodar har hatt fokus i reinhaldsavdelinga i 2020. Dei lovpålagde oppgåvene innan reinhaldsavdelinga har prioritet.